Fv. 450 Vrengen bru

Merknadshandsaming høyring og offentleg ettersyn - Reguleringsplan

Kommune:	Tokke kommune
Plan ID:	20240001
Parsell:	-
Prosjektnr.:	i5322408
Prosjektfase:	Fase 2 – regulere
Sektor/seksjon:	SAMF-VU
Leverandør:	Telemark fylkeskommune
Arkivnr.:	25/04371 og 25/10713
Revisjonsnr:	00
Dato:	18.09.2026

Innhald

1. Innleiing 4
1.1. Offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar 4
1.2. Grunneigarar og andre rettshavarar 4

2. Behandling av merknader 5
2.1. Merknader frå offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar 5
2.1.1 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) 5
2.1.2 Statnett 5
2.1.3 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) 6
2.1.4 Mattilsynet 6
2.1.5 Tokke kommune 6
2.1.6 Statens vegvesen 7
2.1.7 Vest- Telemark Museum lokalstyre 8
2.1.8 Telemark Nett (TNett) 8
2.1.9 Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) 9
2.1.10 Tokke historielag 9
2.1.11 Statsforvalteren 10
2.1.12 Telemark fylkeskommune 11
2.2. Merknader frå grunneigarar og andre rettshavarar 12
2.2.1 Lars Helge Lie 12
2.2.2 Mette Lillegård 12
2.2.3 Kjell Olav Tveito 13
2.2.4 Ketil Kvaale 14

3. Vedlegg 15

REVISJONSHISTORIKK

Revisjonane er karakteriserte som fylgjer:

Rev.	Revisjonsårsak	Dato	Utarbeidde av	Kontrollert av	Godkjent av
00	Gjeve ut for kvalitetskontroll	18.09.2026	H. Noraberg	J. Kleiv	J. Kleiv

Beskriving av endring frå ein revisjon til neste er som følgjer:

Rev.	Beskriving av endringar
00	Fyrste utgåve (dvs inga endring)

1. Innleiing

Planarbeidet vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn 15.05.2026. Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å sikre areal for å utbetre dagens vegstrekning og bytte ut eksisterande Vrengen bru. Dagens vegstrekning er smal, krappe svingar og ei bru som er i dårleg stand.

I løpet av høyringsperioden 15.05.2026 – t.o.m 28.06.2026 har det komme inn 16 merknader. Dette dokumentet gir ei oppsummering av dei innkomne merknadene, og Telemark fylkeskommune si vurdering av desse.

Følgjande sende inn merknader i høyringsperioden:

1.1. Offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar

- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
- Statnett
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Mattilsynet
- Tokke kommune
- Statens vegvesen
- Vest-Telemark Museum lokalstyre
- Telemark Nett AS (TNett)
- Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)
- Tokke historielag
- Statsforvalteren
- Telemark fylkeskommune

1.2. Grunneigarar og andre rettshavarar

- Lars Helge Lie
- Mette Lillegård
- Kjell Olav Tveito
- Kjetil Kvaale

2. Behandling av merknader

2.1. Merknader frå offentlege styresmakter og interesseorganisasjonar

2.1.1 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

DSB har ikkje kapasitet til å gje ei konkret uttale i saka og viser til Statsforvaltaren sitt ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i plansaker. DSB ber om å bli kontakta på nytt dersom planen omfattar tilhøve innan farlege stoff, transport av farleg gods, branntryggleik, tilfluktsrom eller storulykkeverksemd.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Reguleringsplanen omfattar ikkje areal til næringsverksemd med farleg stoff eller storulukkeverksemd, tunellar, underjordiske anlegg eller tilfluktsrom. Planen rører ikkje ved nokon av fagområda som er lista opp i brevet. Det er derfor ikkje naudsynt å sende høyringa på nytt til DSB.

2.1.2 Statnett

Statnett peikar på at det må takast omsyn til eksisterande og framtidige transmisjonsnettanlegg i Tokke kommune. Dei ber om at kraftleidningane blir lagde inn som omsynssoner (H740) i plankartet, med byggjeforbodssone på 38–40 meter, og at det blir teke inn føresegner som hindrar ny busetnad og krev avklaring med leidningseigar før tiltak innanfor sonene. Statnett understrekar òg behovet for å sikre tilkomst til anlegga, varsling ved arbeid nær høgspenningsanlegg og vurdering av risiko knytt til drift, vedlikehald og akutte hendingar i ROS-analysen. Statnett ber om å vere høyringspart vidare i planarbeidet.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Statnett sine merknader er tekne til orientering. Dei aktuelle transmisjonsnettanlegga og kraftleidningane med omsynssoner ligg eit godt stykke utanfor planområdet i denne reguleringsplanen, og det er derfor ikkje aktuelt å innarbeide omsynssoner eller tilhøyrande føresegner i denne reguleringsplanen.

Tiltaket vil ikkje endre på tilkomst til Statnett sine høgspentanlegg.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.1.3 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

NVE har ingen merknader til det som gjeld flaumvurderinga eller planlagd erosjonssikring.

NVE rår til at føresegna for flaumsona viser til rapporten som ligg til grunn for avgrensinga, med dato.

Merknadene om vassdragsmiljø og kantvegetasjon i planomtale og føresegner er tekne til orientering.

NVE føreset at Statnett sine innspel vert følgde opp i plankart og føresegner.

Det er krav til at grunnundersøkingar utført etter 01.01.2025 bli innmeldt i NADAG.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Berekna flaumkote oppstraums bru er lagt inn i føresegnene. Avgrensinga av flaumsona er justert i plankartet. Gjeldande rapport og tallgrunnlag for berekning av flaumkote oppstraums bru er presisert i planomtalen kap 9.13 «Handtering av overvatn».

Innspelet knytta til Statnett sitt transmisjonsnettanlegg er svart ut i Telemark fylkeskommune sin kommentar til Statnett.

Alle grunnundersøkingar som er utført i samband med reguleringsplanen er lagt inn i NADAG.

2.1.4 Mattilsynet

Mattilsynet har ingen faglege merknader til reguleringsplanen. Dei vurderer at Mattilsynet sine forvaltningsområde, mellom anna drikkevatn, er ivaretekne i saka.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Uttalen er teke til orientering. Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.1.5 Tokke kommune

Tokke kommunestyre tilrår ikkje at planforslaget med ny bru i eksisterande vegtrase blir bygd. Kommunen ønskjer i staden den tidlegare traseen bak haugen ved Reflebrekk, med kulvert framfor bru. Dette er grunngjeve med mindre synlege inngrep i kulturlandskapet, redusert ulempe for garden Reflebrekk og ei vurdering av at løysinga kan vere rimelegare.

<u>Telemark fylkeskommunes kommentarar:</u>

Uttalen frå Tokke kommunestyre er teke til orientering.

Det aktuelle planforslaget byggjer på fleire vedtak.

Fylkestinget (FT) sak 146/24. Verbalvedtak: «Fylkestinget ber fylkesdirektør leggje fram sak til hovudutval samferdsel om Vrengen bru og ber om ei ny vurdering av alternativ trasé etter kostnadsauke på prosjektet»

Hovudutvalg samferdsel (HS), sak 13/25.

- *«Reguleringsarbeidet knytt til alternativ 2 beskrive i «Rapport konseptfase fv. 450 Vrengen bru» avsluttes.*
- *Reguleringsarbeid knytt til alternativ 1 beskrive i rapporten «Rapport konseptfase fv. 450 Vrengen bru» startar. Arbeida med reguleringsplanforslaget gjeld og detaljprosjektering og optimalisering av alternativet.*

På bakgrunn av vedtaka er planforslaget utarbeida for utbetring av fylkesvegen i eksisterande trasé. Vald løysing inneber mindre terrenginngrep, mindre sprenging og massetransport, og redusert inngrep i våtmarksområdet og ved Eidsborgbekken samanlikna med alternativ over myra.

Anslagsmetoden til Statens vegvesen er nytta til å utarbeide kostnadsoverslag for begge alternativa. Denne metoden er anerkjent i vegmiljøet og blir nytta i fylka og Statens vegvesen over heile landet. Berekning etter denne metoden viser ein stor kostnadsforskjell mellom dei to alternativa, og underbygger dei vedtaka hovudutvalg samferdsel og fylkesting har gjort. Blant anna er grunnforholda for bru/kulvertløysing over myra slik at dette blir ei langt dyrare løysing enn å bygge ny bru/kulvert i dagens trasé.

Vi har forståelse for at ein gjerne vil flytte vegen av omsyn til garden Reflebrekk, men blant anna støyberekningar viser at tilhøva ikkje vil endre seg særleg, heller til det betre. Det er tanken å utvide vegen slik ein tryggare og meir oversiktleg strekning.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget. Dersom reguleringsplanen ikkje blir vedtatt, er det mest truleg at prosjektet blir skrinlagt.

2.1.6 Statens vegvesen

Statens vegvesen føreset at planlegginga følgjer gjeldande vegnormalar og krav til bruprosjektering, og viser til godkjent fråvik for brubreidde. Statens vegvesen peikar på at frisiktliner manglar for ei avkøyrsle sør i planområdet, og ber om at behovet for å oppretthalde avkøyrsla vert vurdert.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Innspelet er teke til følgje. Planlegging og prosjektering av tiltaket skjer i samsvar med gjeldande vegnormalar, mellom anna N400 Bruprosjektering. Godkjent fråvik frå kravet til brubreidde er lagt til grunn for planforslaget.

Avkøyrsla sør i planområdet er vurdert som naudsynt, frisiktlinjer blir innarbeidd i plankartet.

2.1.7 Vest- Telemark Museum lokalstyre

Lokalstyret ved Vest-Telemark Museum Eidsborg etterlyser betre tilrettelegging for mjuke trafikantar, då vegen er viktig for gåande og syklande besøkjande til museet og andre attraksjonar i Eidsborg. Dei ber òg om at anleggsarbeidet vert planlagt slik at vegstenging blir minst mogleg, helst utanfor museet sin hovudsesong og gjerne i vinterhalvåret, for å avgrense økonomiske konsekvensar for museet.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Innspelet er teke til orientering. Prosjektet omfattar utskifting av Vrengen bru og utbetring av fylkesvegen, men etablering av gang- og sykkelveg ligg ikkje innanfor rammene for prosjektet. Det skal likevel leggjast vekt på tryggleik og framkome for mjuke trafikantar innanfor rammene av prosjektet.

Trafikkavvikling og eventuell vegstenging i anleggsperioden skal planleggjast slik at ulempene for museum, besøkjande og andre trafikantar blir så små som råd. Det skal, så langt det er praktisk mogleg, takast omsyn til museet sin sesong og behovet for tilgjenge til Eidsborg.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.1.8 Telemark Nett (TNett)

Telemark nett AS opplyser at det kan bli aktuelt for TNett å ha nokre røyr gjennom den nye brua for framføring av lågspent. Det er vedlagt eit kartutsnitt.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Innspelet er teke til orientering. Mogleg behov for røyr for framføring av lågspent gjennom den nye brua vert avklart i den vidare prosjekteringa, i dialog med TNett AS.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.1.9 Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)

DMF har ingen merknader knytte til registrerte mineralressursar eller masseuttak i drift. Dei viser til planlagt handtering av massar og framande artar.

Planområdet ligg innanfor ei undersøkingsrett for statlege mineral, og DMF rår til at rettshavaren Teako Minerals Norway AS vert informert og får høve til å uttale seg. DMF har sendt kopi av sin uttale til Teako Minerals Norway AS.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Uttalen er teke til orientering. Planområdet ligg innanfor ein mindre del av undersøkingsrett 0116/2025. Teako Minerals Norway AS, som er rettshavar, har fått oversendt plandokumenta frå fylkeskommunen i etterkant og høve til å uttale seg til planforslaget. Det har ikkje kome uttale frå Teako Minerals Norway AS.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.1.10 Tokke historielag

Tokke historielag ber om at vegutbetringa tek særleg omsyn til garden Refflebrekk og det verdfulle kulturlandskapet i Eidsborg. Dei ønskjer bruk av tørrmur og naturstein i murar, bru og røyrutløp. Dei ber óg om at smia og Vrengen stoga vert tekne vare på eller flytta til andre stader. Historielaget ber vidare om at ein gammal veg/kyrkjeveg ikkje vert råka, og at det vert lagt vekt på omsyn til mjuke trafikantar, med fartsgrense på 40 km/t i området.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Uttalen er teke til orientering. Det vert lagt vekt på god landskapstilpassing og på å redusere ulempene for garden Reflebrekk og kulturlandskapet i Eidsborg. Endeleg utforming av murar, bru, røyrutløp og andre konstruksjonar vert avklart i vidare prosjektering, med mål om løysingar som er tilpassa staden og omgjevnadene.

Bygningane i Eidsborgvegen 467 (omtala som Vrengen stoga) er vanskeleg å flytte. Tilstandsrapport viser at bygningane på denne eigedomen er i dårleg stand og bør rivast. Smia er også i dårleg stand, og planforslaget legg til grunn at smia skal rivast.

På førespurnad har Tokke Historielag sendt ei kartskisse med innteikna trasé for denne gamle vegen, og den startar ved avkøyringa til Eidsborgvegen 476 og gjeng parallelt med fylkesvegen nordover i bergsida eit lite stykke. Denne kjerrevegen er kartlagt i samband med dei arkeologiske registreringane som er utførde i planområdet og beskriven i rapport som er vedlagt reguleringsplanforslaget. Denne vegen er registrert som en nyare tids kulturminne og har dermed ikkje noko vern. Det kan vere at kjerrevegen er i konflikt med litt av ny siktsone som er vist nord for avkøyringa til Eidsborgvegen 476. Etablering av betre sikt for denne eigedommen er viktig for trafikktryggleiken.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.1.11 Statsforvalteren

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark ber om fleire justeringar før endeleg planvedtak. Dei peikar på at nemninga av omsynssona for naturmiljø må rettast. Den eine registrerte slåttemarka truleg ikkje oppfyller vilkåra for utvald naturtype. For vassmiljøet ber dei om at avbøtande tiltak og oppfølging gjennom YM-plan blir tydelegare sikra i føresegnene, mellom anna med krav til overvaking, tiltak mot partikkel- og slamavrenning og avgrensing av mellombelse anleggsområde nær Eidsborgtjønnbekken.

Vidare ber dei om føresegner for støy etter T-1442 og støv etter T-1520, avklaring av handtering og disponering av overskotsmassar, samt at ROS-tiltak blir innarbeidde i reguleringsføresegnene.

<u>Telemark fylkeskommunes kommentarar:</u>

Statsforvaltaren sine merknader vert i hovudsak tekne til følgje.

Nemninga av omsynssona H560 i føresegnene vert retta frå «bevaring kulturmiljø» til «bevaring naturmiljø».

Det er vert innarbeidd føresegner om støy og støv, med utgangspunkt i retningslinjene T-1442 og T-1520.

Reguleringsføresegnene vert justerte for å sikre relevante avbøtande tiltak og oppfølging av vassmiljøet, vassføreskomstar, forureining naturmangfald, materialval, masse- og avfallshandtering. Det er óg tatt inn tekst for at det skal vere kontroll på utslepp til vassdrag i anleggsperioden og at det skal vere undersøkingar/overvaking av vassdraget før, under og etter anleggsperioden.

Mellombelse byggje- og anleggsområde nær Eidsborgtjønnbekken får strengare føresegner om bruk i anleggsperioden, og omsynet til kantsona vert betre ivareteke.

Dette er eit mindre anlegg som ikkje gjev store overskot av masser. Dei blir hovudsak nytta i anlegget og steinmasser er ein attraktiv ressurs som entreprenør kan disponere lokalt etter behov.

Aktuelle avbøtande tiltak frå ROS-analysen som omfattar forureining i grunnen, akutt forureining, støv og støy vert innarbeidde i reguleringsføresegnene før endeleg planvedtak. ROS-analysa tek for seg risiko, tiltak og restrisiko.

2.1.12 Telemark fylkeskommune

Telemark fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget. Dei vurderer at tiltaket ikkje vil få vesentleg negativ verknad for kulturmiljøet i Eidsborg eller Eidsborg stavkyrkje, og at planen tek vare på trafikktryggleik og funksjonalitet. Fylkeskommunen rår likevel til å vurdere flytting av den eldre bygningen sør for Vrengen bru. Dei ber om at rutenett og vassrett teksting av gards- og bruksnummer vert innarbeidd i plankartet.

<u>Telemark fylkeskommunes (samferdsel) kommentarar:</u>

Uttalen er teke til følgje.
Smia sør for Vrengen bru er i dårleg stand og planforslaget legg derfor til grunn at smia skal rivast.
Rutenett og vassrett teksting av gards- og bruksnummer vert innarbeidd i plankartet.

2.2. Merknader frå grunneigarar og andre rettshavarar

2.2.1 Lars Helge Lie

Lars Helge Lie støttar planforslaget med utbetring av eksisterande vegtrasé. Han meiner løysinga reduserer naturinngrepa samanlikna med veg over myra, tek vare på dagens støysituasjon og gir betre sikt ved avkøyrsla til Kyrkjedalen. Han peikar òg på at svingane vil dempe farten, og meiner flytting av smia kan vere positivt. Han understrekar samstundes at trafikkavviklinga i anleggsperioden bør løysast så smidig som mogleg.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Telemark fylkeskommune tek innspelet til orientering og merkar seg støtta til utbetring av eksisterande vegtrasé. Planforslaget byggjer mellom anna på at denne løysinga gir mindre inngrep i terreng og våtmarksområde enn alternativ trase over myra.

Trafikktryggleik, mellom anna siktforhold ved avkøyrsla til Kyrkjedalen, er vektlagt i planlegginga. Trafikkavviklinga i anleggsperioden skal planleggjast slik at ulempene for naboar og trafikantar blir så små som råd. Uttalen fører ikkje til endringar i planforslaget.

2.2.2 Mette Lillegård

Mette Lillegård ber om at alternativ 2 med ny trasé over myra vert vurdert på nytt. Ho meiner planforslaget ikkje gir tilstrekkeleg tryggleik for mjuke trafikantar, særleg barn, gåande og syklande turistar, og peikar på manglande vegskulder og utilstrekkelege siktforhold ved avkøyrsla til Kleppo. Ho meiner alternativ 2 ville gitt tryggare avkøyrsler, betre tilrettelegging for mjuke trafikantar, enklare trafikkavvikling i anleggsperioden og redusert støy og belastning for garden Reflebrekk.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Innspelet er teke til orientering. Det er forståing for uroa knytt til trafikktryggleik for mjuke trafikantar, særleg for barn, gåande og syklande, og for siktforholda ved avkøyrsla til Kleppo.

Planforslaget byggjer på vedtak om utbetring av fylkesvegen i eksisterande trasé. Denne løysinga inneber mindre terrenginngrep, mindre sprenging og massetransport, og redusert inngrep i våtmarksområdet og ved Eidsborgtjønnbekken samanlikna med alternativet over myra.

Prosjektet omfattar utskifting av bru og utbetring av fylkesvegen, men etablering av gang- og sykkelveg eller samanhengande brei vegskulder for mjuke trafikantar ligg ikkje innanfor mandatet for prosjektet. Innanfor rammene av tiltaket er det likevel lagt vekt på trafikktryggleik, mellom anna ved utbetring av vegbreidde og siktforhold.

Trafikkavvikling i anleggsperioden skal planleggjast slik at ulempene og tryggleiksutfordringane blir så små som råd.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.2.3 Kjell Olav Tveito

Kjell Olav Tveito, grunneigar Refelbrek 29/1, seier nei til alternativ 1 og ber om at alternativ 2 vert regulert og gjennomført. Han meiner alternativ 1 vil gi dårleg trafikktryggleik, meir støy og store inngrep i kulturmiljøet og gardstunet på Refelbrek. Tveito stiller spørsmål ved føresetnadene i støyvurderinga og kostnadsauken for alternativ 2. Han peikar på at alternativ 2 gir betre framkome, færre farlege avkøyrsler, mindre ulemper for busetnad og høve til å halde vegen open i byggjeperioden. Han viser òg til at Tokke kommune har støtta alternativ 2, og fryktar ekspropriasjon dersom alternativ 1 vert vedteke.

<u>Telemark fylkeskommunes kommentarar:</u>

Uttalen er teke til orientering.

Planforslaget byggjer på vedtak om utbetring av fylkesvegen i eksisterande trasé. Denne løysinga inneber mindre terrenginngrep, mindre sprenging og massetransport, og redusert inngrep i våtmarksområdet og ved Eidsborgtjønnbekken samanlikna med alternativet over myra. Alternativ 2 vert difor ikkje teke opp att i denne reguleringsplanen.

Planforslaget er utarbeidd med mål om å betre trafikktryggleiken og framkomsten på strekninga ved Vrengen bru. Val av løysing er vurdert ut frå fleire omsyn, mellom anna tekniske tilhøve, kostnader, trafikktryggleik, terrenginngrep, naturmiljø, kulturmiljø, grunnerverv og gjennomføring. Fylkeskommunen registrerer at grunneigar vurderer konsekvensane av alternativ 1 som særleg store for Refelbrek og gardstunet. Konsekvensane garden må vurderast opp mot at dagens fylkesveg ligg på same stad som den har gjort i veldig lang tid, og utvidinga skjer på andre sida av gardstunet. Prosjektet vil ikkje påføre garden større ulemper enn dagens situasjon, heller mindre.

Når det gjeld støy, er det utarbeidd ei støyfagleg vurdering i samsvar med krava i T-1442/2021, «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» og Byggteknisk forskrift (TEK17). Dette ligg til grunn for planforslaget.

Det stillast spørsmål ved kostnadsoverslaga for alternativ 2 og peikar på kulvert eller røyr som mogleg alternativ til bru. Kostnadsvurderingar og tekniske løysingar byggjer på føreliggjande prosjektgrunnlag og vurderingar av mellom anna grunnforhold, vassveg, konstruksjonar og terreng.

Spørsmål om grunnerverv og eventuell oreigning vert handsama etter gjeldande regelverk dersom det vert aktuelt. Fylkeskommunen vil så langt råd er søkje å finne løysingar gjennom dialog og frivillige avtalar med råka grunneigarar.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

2.2.4 Ketil Kvaale

Ketil Kvaale rår til at trasevedtaket frå 2025 vert vurdert på nytt, og at ny trase over myra vert vald. Han meiner denne løysinga vil gi betre trafikktryggleik, betre trafikkavvikling i anleggsperioden og færre konfliktar med gardstunet på Refelbrek, kulturmiljø og naturverdiar. Kvaale meiner bru kan erstattast med røyr/kulvert, noko som kan redusere kostnadene. Han stiller òg spørsmål ved støyrapporten, særleg føresetnadene om uendra faktisk fart og mjuk markoverflate, då vegutbetringa og fjellskjeringar etter hans syn kan gi høgare støy ved Refelbrek enn rapporten legg til grunn.

Telemark fylkeskommunes kommentarar:

Uttalen er teken til orientering. Merknadene om traseval, trafikktryggleik, anleggsgjennomføring, kostnader og omsynet til Refelbrek er registrerte.

Støyrapporten er utarbeidd i samsvar med retningslinje T-1442/2021, «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» og Byggteknisk forskrift (TEK17). Dette ligg til grunn for planforslaget. Utrekningane tek utgangspunkt i gjeldande fartsgrense, både for dagens situasjonen og framtidig situasjon. I berekningsmodellen er det lagt inn reflekterande hard flate langs fjellskjeringa, slik at verknaden av lydrefleksjon frå skjeringa er teken omsyn til. Fjellskjeringa er såleis ikkje rekna som mjuk markoverflate som absorberer støy. Fylkeskommunen vurderer difor at støyutgreiinga har lagt til grunn relevante føresetnader for planforslaget.

Uttalen fører ikkje til endring av planforslaget.

3. Vedlegg

Vedlegg:	Dokumentdato:	Innsendar:
1	01.06.2026	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
2	04.06.2026	Statnett
3	16.06.2026	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
4	19.06.2026	Mattilsynet
5	19.06.2026	Tokke kommune
6	15.06.2026	Statens vegvesen
7	23.06.2026	Vest-Telemark museum lokalstyre
8	23.06.2026	Telemark Nett (TNett)
9	23.06.2026	Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)
10	24.06.2026	Tokke historielag
11	26.06.2026	Statsforvalteren
12	18.05.2026	Telemark fylkeskommune
13	16.06.2026	Lars Helge Lie
14	23.06.2026	Mette Lillegård
15	26.06.2026	Kjell Olav Tveito
16	29.06.2026	Ketil Kvaale

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Torggata 18
3717 Skien

Tlf. 35 91 70 00
post@telemarkfylke.no

DSB

Vedlegg 1

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Postboks 2844
3702 SKIEN

Dato: 01.06.2026
Vår ref.: 2026/34-656
Deres ref.: 2025/10713
Deres dato:

Automatisk tilbakemelding - Fv. 450 Vrengen bru - utlegging av reguleringsplan til høyring og offentleg ettersyn

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til plansaken som dere har sendt på høring. DSB har dessverre ikke kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker og sender derfor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvalteren som skal følge opp at hensynet til samfunnssikkerhet er ivaretatt i plansaker. Statsforvalteren har også et ansvar for samordning av statlige innsigelser til kommunale planer.

DSB har innsigelseskompetanse etter plan- og bygningsloven i plansaker som berører følgende områder:

- Virksomheter som håndterer farlige stoffer herunder storulykkevirksomheter
- Transport av farlig gods
- Brannsikkerhet herunder tuneller og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistriktene)

Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig.

Hvis det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaken, bes det om at høringen sendes inn til DSB på nytt med tydelig angivelse av hvilket forhold det bes om DSBs uttalelse til.

Dersom plansaken gjelder areal knyttet til etablert storulykkevirksomhet eller areal hvor det planlegges etablering av anlegg som sikkert eller muligens vil bli storulykkeanlegg, bes det også om at høringen sendes DSB på nytt. Det må fremgå av oversendelsen at saken gjelder plansak knyttet til anlegg omfattet av storulykkeforskriften.

Postadresse
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Postboks 2014
3115 Tønsberg

Kontoradresse
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

Organisasjonsnummer
974 760 983

Tlf. sentralbord
33 41 25 00

E-post
postmottak@dsb.no

Nettsted
www.dsb.no

Vi viser til www.dsb.no for DSBs veileder om samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging og veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter.

Med hilsen
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Arkiv

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes derfor uten underskrift.

Statnett

Vedlegg 2

04.06.2026
Statnett.no

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Postboks 2844
3702 SKIEN

Kaia Morland
kaia.morland@Statnett.no
Vår ref: 2024/1211-3
Deres ref: 2025/10713-4

Høringsuttalelse og offentlig ettersyn - Reguleringsplan - Fv. 450 Vrengen bru - Tokke kommune - Frist 19.06.2026


Statnett viser til varsel datert 15.05.2026 om oppstart av planarbeid og høring av planprogram – kommuneplanens arealdel 2027-2039 – Telemark Fylkeskommune.

Statnett eier, drifter og utvikler det norske transmisjonsnettet – hovednettet i strømforsyningen. Transmisjonsnettet består av ca. 200 transformatorstasjoner og ca. 12000 km kraftledninger over hele Norge, foruten ledninger og sjøkabler til utlandet.

Statnett eier og drifter følgende transmisjonsnettanlegg i Tokke kommune:

- Tokke (TOK) transformatorstasjon
- 300 kV-ledningen Tokke - Førre
- 300 kV-ledningen Tokke - Eidsborg
- 300 kV-ledningen Tokke - Flesaker
- 300 kV-ledningen Tokke - Flatin
- 300 kV-ledningen Lio - Eidsborg
- 300 kV-ledningen Eidsborg - Vinje
- 420 kV-ledningen Holen - Rød

Vedlagt er et oversiktskart som viser Statnetts anlegg i TELEMARK FYLKESKOMMUNEokke kommune.



Vi gjør oppmerksom på at det innenfor planområdet må tas nødvendige hensyn til drift og utvikling av Statnetts transmisjonsnettanlegg.

Statnett har igangsatt prosjekter for oppgradering av transmisjonsnettet i Tokke kommune. Se nærmere om dette under overskriften *Utvikling av strømnettet*.

Statnetts merknader følger under. Statnett ber om å være høringspart i det videre planarbeidet.

Felles for elektriske anlegg - inntegning i plankart

Transmisjonsnettanleggene er bygget og drives i medhold av særskilt anleggskonsesjon gitt av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), jf. energiloven § 3-1 første ledd.

Anlegg bygget i medhold av anleggskonsesjon er i all hovedsak unntatt fra plan- og bygningslovens bestemmelser, jf. plan- og bygningsloven § 1-3, og for slike anlegg kan det ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema.

Utgangspunktet er derfor at transmisjonsnettanlegg i en kommuneplan/reguleringsplan ikke skal inntegnes som eget planformål, men innarbeides i plankartet som hensynssone med SOSI-kode H740 (båndlegging etter energiloven) og tilhørende reguleringsbestemmelser, jf. plan- og bygningsloven § 11-8 d) og § 12-6. Det vises dessuten til NVEs veileder *2/2017 Nasjonale og vesentlige interesser innen NVEs saksområde i arealplanlegging*, kapittel 5.

Vi registrerer at transmisjonsnettet ikke er inntegnet med hensynssoner i plankartet, og vi ber derfor om at hensynssonene inntegnes i forbindelse med det videre planarbeidet.

Hensynssonene for kraftledninger må være identiske med de respektive ledningenes byggeforbudsbelter. Bredden på byggeforbudsbeltet for hver av transmisjonsnettledningene i TELEMARK FYLKESKOMMUNE er slik:

- 300 kV-ledningen Tokke – Førre 38 meter
- 300 kV-ledningen Tokke – Eidsborg 38 meter
- 300 kV-ledningen Tokke – Flesaker 38 meter
- 300 kV-ledningen Tokke – Flatin 38 meter
- 300 kV-ledningen Lio – Eidsborg 38 meter
- 300 kV-ledningen Eidsborg - Vinje 38 meter
- 420 kV-ledningen Holen – Rød 40 meter

Digitale geografiske data for hensynssoner for transmisjonsnettet finnes hos geonorge.no her: Byggeforbudssoner kraftledninger - Kartkatalogen.

Bestemmelser til planen

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til Statnetts anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over jordkabler/mastejording eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

Statnett ber derfor om at følgende bestemmelse knyttes opp mot hensynssonene for transmisjonsnettledningene:

Det er ikke tillatt med ny bebyggelse innenfor hensynssonen. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innenfor hensynssonen skal på forhånd avklares med ledningseier.

Utvikling av transmisjonsnettet

De siste årene har det blitt bygget nytt 420 kV nett hovedsakelig i den sør-østlige delen av området. Dette er hovedsakelig drevet av behovet om å kunne oppnå tilstrekkelig kapasitet på mellomlandsforbindelsene og forsterke transportkorridorene ut av området. 420 kV-nettet i regionen er i stor grad nytt og har høy kapasitet. Østre korridor innebar spenningsoppgradering fra 300 kV til 420 kV fra Kristiansand til Rød, og stod ferdig i 2014. Det ble i den forbindelse bygget en delvis ny ledning mellom Bamble og Rød sammen med spenningsoppgradering av ledningene mellom Kristiansand og videre til Bamble.

300 kV-nettet gjennom Telemark er eldre og ble bygd ut samtidig som vannkraftutbyggingene i området. Dette nettet begynner å nærme seg forventet reinvesteringstidspunkt. 300 kV-ledningene i Telemark ble bygget for å få kraften ut fra vannkraftverkene i regionen. Disse ledningene kjennetegnes av at de er bygget med et lavere tverrsnitt enn det som

erstandard i dag. 300 kV-ledningene mellom Lyse-Førre-Tokke og videre til Rød og Flesaker er bygget på 60-tallet. Det samme gjelder fra Sauda via Songa til Flesaker. Deler av ledningen fra Tokke mot Flesaker er eldre. Teknisk levetid på ledninger bygd før 1973 antas normalt å være 80 år. I tillegg til byggeår vil en rekke faktorer ha betydning for levealder, og det må gjøres en individuell vurdering av hver ledning. Det er så langt ikke identifisert ledninger som forventes å ha kortere teknisk levealder enn normalt.

Enkelte av stasjonsanleggene har blitt fornyet og bygget de siste 10-15 årene og er noe nyere enn øvrige deler av transmisjonsnettet. Imidlertid er et fåtall blitt bygget i nyere tid og ut fra dette vil det være behov for større fornyelser og utvidelser i flere stasjoner innenfor planperioden til 2045.

Statnetts områdeplan *Telemark og Vestfold beskriver* forventet nettutvikling i regionen. Områdeplanen kan finnes på Statnetts hjemmeside her:

Områdeplaner: helhetlig og forutsigbar nettutvikling | Statnett

Anleggsarbeid nært høyspentanlegg – 30 meters varslingsgrense

Anleggsarbeid nært spenningssatte anlegg må skje på en måte som ikke medfører fare for Statnetts ledninger eller skade på personell, maskiner eller utstyr. Statnett som ledningseier skal derfor kontaktes minst 6 uker før planlagt oppstart av arbeid med anleggsmaskiner innenfor en horisontal avstand på 30 meter fra ytterste strømførende line. Det samme gjelder dersom det skal gjennomføres sprengningsarbeider, gravearbeider, skogsarbeid mv. Det vil da være nødvendig med befaring og nærmere avtale om aktuelle sikkerhetstiltak.

Vi viser ellers til veiledning på Statnett sin hjemmeside:

For deg som skal arbeide nær våre høyspenningsanlegg | Statnett

ROS-analysen til kommuneplanens arealdel må ta hensyn til Statnetts transmisjonsnettanlegg. Dette innebærer at det må vurderes risikoer knyttet til driften av Statnetts anlegg, inkludert inspeksjon, vedlikehold og akutte hendelser.

Med vennlig hilsen

Rune Garberg
Seniorrådgiver
Grunn- og rettighetserverv

Kaia Morland
Grunn- og rettighetserverv

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter
Kopi til:
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) **Postboks 5091, Majorstua** **0301** **OSLO**

Nydalen allé 33, Oslo, PB 4904 Nydalen, 0423 Oslo Org.nr: NO 962 986 633 firmapost@statnett.no

NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

Vedlegg 3

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Telemark fylkeskommune
Sentralt fakturamottak
Postboks 2844

3702 SKIEN

Vår dato: 16.06.2026
Vår ref.: 202407590-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 25/10713

Sakshandsamar: Astrid Flatøy, 22959768, asfl@nve.no

NVEs uttale - Høyring - Detaljreguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru - Tokke kommune

Vi viser til brev datert 15.05.2026. Saka gjeld høyring av detaljreguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru. Føremålet med planarbeidet er å bytte eksisterande bru og utbetre fylkesvegen til 6,5 m breidde i ei lengde på ca. 360 meter.

Om NVE

NVE er nasjonal sektormynde for flaum, erosjon, skred, vassdrag, grunnvatn og energi. I tillegg rettleier vi om førebygging av skadar frå overvatn og forvaltning av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Som høyringsinstans skal vi bidra til at nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområda våre blir vareteke.

NVEs uttale

NVE ga innspel til varsel om oppstart i brev datert 14.05.2024, der vi omtalte mogleg fare for flaum, erosjon og omsyn til vassdrag og vassdragsmiljø.

Flaumfare

Det er opplyst i planomtalen at det er sett krav til at brua skal ha kapasitet til å ta unna vassmengda ved ein 200-års flaum med 40% klimapåslag. Det vil bli utført erosjonssikring langs fyllingsfot og hvelvbru for å sikre mot undergraving av vegkropp og brufundament.

Sweco AS har utført berekning av flaumfare og vassliner og kapasitet på brua for ei 200-årsflaum med klimapåslag. NVE har ikkje merknader til dette. Det er ikkje NVEs rolle å godkjenne eller underkjenne konklusjonen i farevurderingar, og Sweco AS har tatt på seg ansvaret for å avklare sikkerheita i det planlagde området.

Det er lagt omsynssone for flaum i plankartet med grunnlag i resultata i rapporten, og det er gitt ei føresegn til omsynsona i § 5 som seier at det ikkje skal byggast i omsynssona som er til hinder for flaumvegen.

NVE gir eit **fagleg råd** om at det står referanse i føresegna til kva som er grunnlag for omsynssona med dato på rapporten.

Kantvegetasjon og vassdragsmiljø

Vassmiljø er omtala i planomtalen punkt 9.10. Der det står at *«Ny bru etablerast som hvelvbru, noko som vil gjere det enklare å ta vare på det opphaveleg botnsubstratet. Bekkeløp inn, gjennom og ut av kulvert skal utformast slik at økologiske funksjonar ivaretakast i størst mogleg grad.»* Det er opplyst i punkt 9.11 Klima at: *«Vegskråning mot vassdrag/myrområde vil endre på bekkedrag langs vegfylling på grunn av utvidinga av vegen. Skråning skal revegeterast med stadlege masser.»* I føresegna § 3.4. Inngrep i vassdrag og kantvegetasjon står det: *«Ved fysiske inngrep i vassdrag skal det føreligge løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. For inngrep i kantsona til vassdraget skal det føreligge løyve etter Vannressurslova.»*

NVE tar dette til etterretning.

Energi- og nettanlegg

NVE viser til Statnett sin uttale til høyringa datert 04.06.2026, og legg til grunn at Statnett sine innspel blir tatt inn i plankart og føresegner.

Meir informasjon
De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, https://www.nve.no/arealplanlegging/. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til kartbasert rettleiar for reguleringsplan, som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar
Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

Kommunen sitt ansvar
NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Peer Sommer-Erichson
fung. seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarar:
STATNETT SF
TOKKE KOMMUNE

Vedlegg 4

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Postboks 2844
3702 SKIEN

Deres ref: 25/10713-4
Vår ref: 2026/130797
Dato: 19.06.2026

Mattilsynets innspill til høring og offentlig ettersyn

Vi viser til brev mottatt 15. mai 2026 om høring og offentlig ettersyn av reguleringsplan for Vrengen bru.

Reguleringsplanen legger til rette for å sikre areal for å bytte ut eksisterende Vrengen bru og utbedre veien til 6,5 meter bredde.

Mattilsynets rolle i plansaker

Mattilsynet er statlig sektormyndighet for områdene planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevann. Som høringsinstans skal vi bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innenfor våre forvaltningsområder.

Vi har ingen faglige merknader til saken

Vi har ingen konkrete innspill eller merknader. Så langt vi kan se, er våre forvaltningsområder ivaretatt i saken.

Tilgjengelig veiledning

På nettsidene våre finner dere veiledning som kan være nyttig i planarbeidet:
Reguleringsplanar og Mattilsynet sitt fagområde – kva må du tenke på?

Med hilsen
Mattilsynet, tilsynet

Mattilsynet
tilsynsdivisjon planter, fôr og drikkevann
avdeling drikkevann sør

Postadresse: Felles postmottak
Postboks 383
2381 BRUMUNDDAL

Tlf: 22 40 00 00
E-post: postmottak@mattilsynet.no
Org.nr: 985399077

Helge Heimstad	Jorunn Aasgaard Grini
spesialinspektør	avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Postboks 2844
3702 SKIEN

Vedlegg 5

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref.	Vår ref	Sakshandsamar	Dato:
	2024/166-40	Knut Erik Paulsen, tlf. 35 07 52 47	19.06.2026

Vedtak Reguleringsplan for Vrengen bru på Fv. 450 ved Eidsborg - uttale ved offentleg ettersyn

Her følgjer særutskrift av Tokke kommunestyre si sak nr. 44/2026.

Dette er Tokke kommune sitt innspel til offentleg ettersyn for reguleringsplanforslaget på Vrengen bru.

Med helsing

Knut Erik Paulsen
kommunalsjef plan, næring og kultur

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/166-36

Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	03.06.2026	50/26
Kommunestyre	16.06.2026	44/26

Reguleringsplan for Vrengen bru på Fv. 450 ved Eidsborg - uttale ved offentleg ettersyn

Saksframlegg godkjent 22.05.2026.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Vedlegg

1 brev_utlegging-av-reguleringsplan-til-hoyring-og-offentleg-ettersyn

2 fv.-450-vrengen-bru-planomtale

3 fv.-450-vrengen-bru-reguleringsforesegner

4 fv.-450-vrengen-bru_plankart

Bakgrunn for saka
Telemark fylkeskommune har laga forslag til reguleringsplan for ein strekning av fylkesveg 450 ved Vrengen bru i Eidsborg. Reguleringsplanen omfatter utbetring av fylkesvegen frå garden Reflebrekk og eit stykke forbi Vrengen bru mot Eidsborg.

Tidlegare vart det laga eit forslag til utbetring for denne strekningen der ein lagde ny veg aust for den vegen vi har i dag over Vrengen bru. Etter eit nytt vedtak i Fylkeskommunen vart det vedteke å fylgje den eksisterande traseen og å utbetre den med ny Vrengen bru.

Det visar seg no at Vrengen bru er i svært dårleg forfatning, og ein har sett ned aksellasttrykket på brua. Dette fører til ulemper for lastebiltrafikken over brua.

Det er reguleringsplan for utbetring av eksisterande vegtrase som er ute til offentleg ettersyn, og Tokke kommune kan kome med høyringsuttale. Høyringsfristen er 29. juni. Her er lenke til Fylkeskommunen si høyringsside og alle dokument i saka: Reguleringsplan høyring Vrengen bru - Telemark fylkeskommune

Saksutgreiing
Utbetring av strekninga omkring garden Reflebrekk og Vrengen bru er ein sak som har pågått i mange år. Tokke kommune løyve 2 millioner kroner til utbetringa i 2018. Føresetnaden for denne løyvinga var at vegen skulle leggast om til ein ny trase aust for den vegen vi har i dag, og ei ny Vrengen bru aust for den vi har i dag. Dette ville føre til eit større terrenginngrep og inngrep i våtmarksområdet ved kryssinga av Eidsborgbekken. Telemark fylkeskommune planla og utgreia dette alternativet, men det kome eit nytt vedtak frå dei som sa at dei måtte følgje traseen for den vegen vi har i dag i staden.

Dette er ei dårlegare løysing for garden Reflebrekk fordi vegen går svært tett på tunet til dei i dag. Med det austre alternativet ville vegen gå eit stykkje frå tunet og det ville betre bukvaliteten på garden i høve til støy og støv frå biltrafikken.

Med å fylgje den eksisterande traseen vil ein få mindre naturinngrep. Det vil bli mindre sprenging av fjell og massetransport, og det vil ikkje bli så stort inngrep i våtmarksområde ved Eidsborgbekken og Vrengen bru.

Konklusjon
Det er heilt klart ein stor belastning for garden Reflebrekk å ha vegen så tett på husa, men dette må avvegast mot naturinngrep som ville ha blitt ved det austre alternativet. Tokke kommune ser det som viktig at dette forslaget til løysing tek omsyn til belastninga Reflebrekk for og gjer så store avbøtande tiltak som råd.

Kommunedirektøren ser dette som ei grei løysing og har ikkje andre kommentarar til forslaget at ein må ta særlege omsyn til garden Reflebrekk for at belastninga for dei blir så låg som råd med den nye vegen.

Kommunedirektørens tilråding
Tokke kommune er positive til utbetring av fv 450 ved Vrengen bru. Kommunen ber Telemark fylkeskommunen ta særskilte omsyn til garden Reflebrekk for at påverknaden av vegen blir så liten som råd.

Formannskap si handsaming av sak 50/2026 i møtet den 03.06.2026

Røysting

Kommunedirektørens tilråding
Tokke kommune er positive til utbetring av fv 450 ved Vrengen bru. Kommunen ber Telemark fylkeskommunen ta særskilte omsyn til garden Reflebrekk for at påverknaden av vegen blir så liten som råd.

Kommunedirektørens tilråding	Samrøystes vedteke

Vedtak

Tokke kommune er positive til utbetring av fv 450 ved Vrengen bru. Kommunen ber Telemark fylkeskommunen ta særskilte omsyn til garden Reflebrekk for at påverknaden av vegen blir så liten som råd.

Kommunestyre si handsaming av sak 44/2026 i møtet den 16.06.2026

Røysting

Framlegg frå Sverre Bakke (Sp):
Tokke kommunestyre vil ikkje tilrå bygging av Vrengen bru slik som utkastet til plan ligg føre.

Ein grunngjev det med store miljømessig konsekvensar i eit viktig kulturlandskap som Eidsborg er og at dette er til stor ulempe for garden Reflebrekk.

Tokke kommunestyre vil tilrå den gamle planensom går bak haugen på garden Reflebrekk og at ein bygger kulvert i staden for bru.

Ein grunngjev dette med at :

- Det er miljømessig rett å bygge bak haugen , då skjæringane her ikkje blir synleg i kulturlandskapet i Eidsborg.
- Veglengda på dei to traseane er om lag lik.
- Vi trur det er billigar å bygge over myra med kulvert enn ei ny bru. Ein kan bruke dei massene ein får til å fylle seg over bekken.

Framlegg frå Sverre Bakke (Sp) vart sett opp mot tilråding frå formannskap.

Framlegg frå S. Bakke (Sp) vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

Tilråding frå formannskap

Fremskrittspartiet (1/1)

Høgre (1/1)

Miljøpartiet Dei Grøne (1/1)

Framlegg frå S. Bakke (Sp)

Arbeiderpartiet (6/6)

Kristeleg Folkeparti (1/1)

Senterpartiet (10/10)

Sosialistisk Venstreparti (1/1)

Vedtak

Tokke kommunestyre vil ikkje tilrå bygging av Vrengen bru slik som utkastet til plan ligg føre.

Ein grunngjev det med store miljømessig konsekvensar i eit viktig kulturlandskap som Eidsborg er og at dette er til stor ulempe for garden Reflebrekk.

Tokke kommunestyre vil tilrå den gamle planensom går bak haugen på garden Reflebrekk og at ein bygger kulvert i staden for bru.

Ein grunngjev dette med at :

- Det er miljømessig rett å bygge bak haugen , då skjæringane her ikkje blir synleg i kulturlandskapet i Eidsborg.
- Veglengda på dei to traseane er om lag lik.
- Vi trur det er billigar å bygge over myra med kulvert enn ei ny bru. Ein kan bruke dei massene ein får til å fylle seg over bekken.

Statens vegvesen

Vedlegg 6

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Postboks 2844

3702 SKIEN

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Transport og samfunn	Carl Henrik Bjørseth / 40603339	24/139473-3	25/10713-4	15.06.2026

Innspel til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru, sak 25/10713

Vi viser til høyringa datert 12.05.2026 med forslag til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru i Tokke kommune.

Saken gjeld

Planforslaget omfattar utbetring av fylkesvegen i ei lengde på ca. 360 m. Føremålet med planarbeidet er å sikre areal for å bytte eksisterande bru og utbetre vegen til 6,5 m breidde med grøfter og betre sikt.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Vår rolle i denne saka er som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen sine merknadar

Vi legg til grunn at Telemark fylkeskommune er godt kjent med vegnormalane, og med tanke på det videre arbeidet også N400 Bruprosjektering. Vi noterer at det i følgje planomtala er søkt om og godkjent et fråvik som gjeld krav om bredde over bruer.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kjelleveien 21A
3125 TØNSBERG

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Så vidt vi kan sjå har avkøyrsla mot aust lengst syd i planområdet, mot det som kan sjå ut til å være ein gammal gjengrodd skogsveg, ikkje fått markert frisiktlinjer på plankartet. Vi forutsett at prosjektet har vurdert behovet for om denne avkøyrsla skal oppretthaldast.

Med helsing

Espen Tonning
seksjonsleiar

Carl Henrik Bjørseth

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
TOKKE KOMMUNE, Storvegen 60, 3880 DALEN

Telemark
FYLKESKOMMUNE

Vedlegg 7

i7042038 - Fv. 450 - Vrengen bru - alt 1- regplan-offentlig korrespondanse

Høringsinnspill til reguleringsplanforslag

Innsendt:
23.06.2026 - 12:05

Saksnummer i p360:
25/10713

Navn:
Vest-Telemark Museum Eidsborg

E-post:
lillegardmette@gmail.com


Adresse:
V/Styreleiar Mette Lillegård

Telefonnummer:
90515248

Jeg gir innspill som:

Informasjon om organisasjon/myndighet:

Illustrasjon fra innbygerdialogen:



Lenke til innspillene:
Trykk her for å komme til innspillene

Innspill:
Lokalstyret ved Vest-Telemark Museum Eidsborg ynskjer med dette å kome med vedlagt uttale til planen som føreligg.

Vedlegg:
- Uttale Vrengen bru - juni 2026.docx

Uttale til reguleringsplan for Vrengen bru på Fv. 450 ved Eidsborg

Lokalstyret ved Vest-Telemark Museum Eidsborg ynskjer med dette å kome med følgjande uttale til planen som føreligg.

1. Det er mange turistar og besøkande til museet som kjem på denne vegen på sykkel og til fots. Dei låner el-syklar på Turistinformasjonen på Dalen og syklar opp Eidsborgberget, over Vrengen bru og opp til museet. I tillegg er det mange som gjeng stien frå Dalen til Rui, vidare opp til Hamaren, Flatin og endar hjå oss. Veldig ofte vel desse å gå vegen ned att. I Eidsborg har me i tillegg til museet den flotte Stavkyrkja, brynesteinsbrotet og fleire turstiar som alt er veldig attraktivt å besøkje.
   Styret er med det som grunngjeving særs bekymra for at det ikkje vert tilrettelagt for mjuke trafikantar i større grad

2. Det har i fleire år vore omfattande prosjekt på vegen i Eidsborgberget, noko me sett stor pris på. Museet har lidd store økonomiske tap i dei periodane vegen har vore/er stengt, og drifta vår er teke ned vesentleg i desse periodane.
   Styret må av den grunn be om at dette vert teke omsyn til og at vegen vert minst mogleg stengt. Det vere til stor glede for oss dersom arbeidet kan gjerast utanfor sesongen ved museet og gjerne vinterstid.

Mvh Lokalstyret Vest-Telemark Museum Eidsborg

Vedlegg 8


Fra: "Sveinung Moen" <Sveinung.Moen@tnett.no>
Sendt: tirsdag 23. juni 2026 08:10:36
Til: "Postmottak" <post@telemarkfylke.no>
Kopi: "postmottak@tokke.kommune.no" <postmottak@tokke.kommune.no>
Emne: Innspel til reguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru, sak 25/10713

You don't often get email from sveinung.moen@tnett.no. Learn why this is important

Advarsel: Denne e-posten kommer fra en ekstern avsender. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg med mindre du kjenner igjen avsenderen og vet at innholdet er trygt.

Hei

I forbindelse med Vrengen bru i Eidsborg kan det bli aktuelt for TNett AS å ha nokre rør igjennom den nye brua for framføring av lågspent.



Mvh

Telemark Nett

Sveinung Moen
Driftsingeniør

Mobiltlf.: 902 38 064
Email: sveinung.moen@vtk.no
Internett: http://nett.vtk.no

Post- og besøksadresse:
Høydalsmovegen 815
3891 Høydalsmo

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Vedlegg 9

Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 SKIEN

Dato: 23.06.2026
Vår ref: 26/03774-2
Dykkar ref: 25/10713-4

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for fv.450 Vrengen bru i Tokke kommune

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 12. mai 2026.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om saka
Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å sikre areal for utbetring av dagens vegstrekning og erstatte dagens bru. Dagens vegstrekning er smal, krappe svingar og ei bru som er i dårleg stand.

Planstrekninga er på ca. 450 meter og ca. 360 meter av eksisterande veg blir oppgradert med to-felts veg og bytte av eksisterande bru.

Fråsegn frå DMF
DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar eller masseuttak i drift.

DMF kan sjå at det er lagt inn ei eiga avsnitt 9.17 om massehandtering i planomtalen. Der står det at det skal utarbeidast ein prosjektspesifikk tiltaksplan for framande artar og infiserte masser før anleggstart. Toppmassene skal i prosjektet så langt det lag seg gjere nyttast og leggast tilbake for naturleg revegitering.

<u>Undersøkingsrett til statens mineral</u>
Planområdet rører ved undersøkingsrett 0116/2025 der Teako Minerals Norway AS er rettshavar[1]. Retten er gjeve for undersøking etter mineralane bly, gull, kopar,

[1] DMFs kartinnsyn for Bergrettar:
https://dirmin.no/data/bergrettigheter/UNDERSOEKELSESRETT-0116_2025

molybden, sink, sølv. Kommunen bør informere rettshavar om planprosessen og gi dei høve til å uttale seg til planen.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Kristine Bye
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Bye

Mottakarar:
Telemark fylkeskommune

Kopi til:
Teako Minerals Norway AS

Fra: "Alice Jeanne Haukelidsæter" <ajhaukelid@gmail.com>
Sendt: onsdag 24. juni 2026 19:06:29
Til: "Postmottak" <post@telemarkfylke.no>
Emne: Vrengen bru utale

Vedlegg 10

Advarsel: Denne e-posten kommer fra en ekstern avsender. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg med mindre du kjenner igjen avsenderen og vet at innholdet er trygt.

Uttale til sak om vegutbetring ved Vrengen bru:

Når det gjeld vegen forbi Refflebrekk/ Reffelbrekk så er det vel slik no at det blir utbetring av eksisterande veg.
Då må ein gjera det beste ut av det:

Vegen og utføring av det må ta særleg omsyn til garden og kulturlandskapet det fylgjer. Dette er ein del av sjølve "hjartet" i Eidsborg
Her kan Telemark Fylkeskommune og vegvesenet verkeleg syne at dei kan gjera eit fint arbeid:

Det må brukast tørrmur i naturleg gråstein, (og ikke brukast betongstein slik som er tilfelle i Høydalsmo ved garden Ofte.. Eit skrekkeksempel på stygg og dårleg planlegging.)
Ein kan til dømes lage ein tørrmur på innsida av skjeringa som vil avvege for den høge skjeringa/ kanten, og tørrmur utanfor kanten langs vegene på begge sider og på sida der garden Refflebrekk ligg.

Smia må flyttjast og bli teke vare på, Lik eins brynestein som kan brukast som benk til dømes.

Brui må og byggjast med tørrmur så langt mogleg.

Alle rør skal ikkje vera synleg men byggjast rundt opning med gråstein.

Vrengen stoga er eit fint hus som er ein typisk arbeidarbustad frå den tida det var drift i brynesteinsbrotet. Del av huset kjem frå ei stoge på Reffelbrekk og skal vera frå 17-hundre talet. Det fortener å bli teken vare på. Kan hende ein kan flytte huset i sin heilhet til museet om det er slik at det må flyttjast pga vegutbetring? Det kan fylket koste og ein kan eventuelt drøfte kva det kan nyttast til?

Langs vegen på riksveg 450, nordaust for Skorta, på venstre side om ein kjem frå Dalen(på same sida som Skorta) gjeng det ein særs gamal veg på oppsida av fjellskjeringa. Det må vera ein gamal kyrkjeveg og bør få vera urørd. Kjem inn på den "nyare"gamle vegen til kyrkja.

Viktig at det vert teken mykje omsyn til mjuke trafikantar, lokale busette og turistar og andre som vitjar museet og stavkyrkja, gåande og syklande.
40 km fartgrense i området uansett.

Helsing

Tokke historielag
Alice Haukelidsæter
Leiar

Fra: Alice Jeanne Haukelidsæter
Til: Helene Noraberg
Emne: Re: fv. 450 Vrengen bru - opplysingar om gamal veg
Dato: tirsdag 1. september 2026 14:52:09
Vedlegg: image001.png

Advarsel: Denne e-posten kommer fra en ekstern avsender. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg med mindre du kjenner igjen avsenderen og vet at innholdet er trygt.



Vonar det er ok, slik ca. Hugs ein ting som er veldig viktig: Ikkje betongstein til muring i Eidsborg slik som er bruka i Høydalsmo og Kviteseid. Her må de berre bruke naturstein
Venleg helsing Alice Haukelidsæter
man. 24. aug. 2026 kl. 09:12 skrev Helene Noraberg

<helene.noraberg@telemarkfylke.no>:

> Hei.
>
> I samband med høyringa på Vrengen bru så har du på vegne av Tokke historielag skrive ei uttale. Takk for dette, me ser alle innspela no.
>
> I denne nevner du ein gamal veg som gjeng på venstre side av fylkesvegen (om ein kjem frå Dalen), nordaust for Skorta.
>
> Eg har ikkje greidd å finne Skorta eller denne gamlevegen på kart. Kan du teikne inn denne på eit kartutsnitt og sende meg?
>
> Eg trur ikkje me kjem inntil denne vegen, men vil gjerne sjekke det ut.
>
> Venleg helsing
>
> **Helene Noraberg**
> Plan- og prosjekteringsleiar
> Vegutbygging
>
> **Telemark fylkeskommune**
> www.telemarkfylke.no

Vedlegg 11

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Vår dato: 26.06.2026
Vår ref: 2024/4680
Dykkar dato: 15.05.2026
Dykkar ref: 25/10713

Telemark fylkeskommune
Postboks 2844
3702 SKIEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Andreas Riis Fossnes, 33371209

Fråsegn - høyring - reguleringsplan - Tokke - detaljregulering for Fv450 Vrengen bru - planID 20240001

Vi viser til oversending frå Telemark fylkeskommune datert 15.05.2026.

Saka gjeld

Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av forslag til detaljregulering for fv. 450 Vrengen bru i Tokke kommune.

Føremålet med planen er utbetring av fylkesvegen over ei strekning på om lag 360 meter. Planen skal sikre tilstrekkeleg areal for utskifting av eksisterande bru, samt å utbetre vegen til ei breidde på 6,5 meter med tilhøyrande grøfter og betre siktforhold.

Planområdet er i kommuneplanen sin arealdel avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) med spreidd bustadbygging.

Rolla til Statsforvaltarens fagavdelingar

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen er vidareført inntil vidare med Telemark fylkeskommune. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar òg på vegner av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til vurderinga frå fylkeskommunen av interessene til barn og unge i fråsegn til planvarsel og planforslag. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtatt nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Vurderingar frå Statsforvaltarens fagavdelingar

Naturmangfald

Området vert kartlagt etter NiN-metodikken i 2023. Det vert registrert førekomstar av to naturtyper av nasjonal interesse i planområdet. Desse er henholdsvis ein førekomst at naturtypen eng-aktig sterkt endret fastmark med sentral økosystemfunksjon og svært høy kvalitet, samt ein førekomst av slåttemark som er kritisk trua (CR). I fyrstnemnde naturtype er det samstundes registrert førekomstar av systermarihand som er freda og kategorisert som sårbar (VU) på den norske rødlista.

Førekomsten er delvis sikra med omsynssone H560 bevaring naturmiljø i plankartet og det er innarbeida føresegner som varetek naturtypen. I føresegnenes oversikt over omsynssoner er derimot omsynssona namngitt feil. Der står det «bevaring kulturmiljø», men det riktige er «bevaring naturmiljø». Vi registrerer at Miljødirektoratet har gitt dispensasjon frå forskrift om freda artar til flytting av systermarihand innanfor området som blir rørt av tiltaket. Vi legg derfor til grunn at vilkåra i dispensasjonen og planens føresegner tilstrekkeleg varetek førekomstar av systermarihand.

Den andre naturtypen som vert kartlagt, er ei slåttemark som i sin heilskap ligg på eigedomen gbnr. 29/2 er derimot ikkje gitt omsynssone. I følgje plankartet skal området nyttast som til mellombels byggje- og anleggsområde og delar av den er og foreslått regulert til anna veggrunn – grøntareal.

Vi registrerer at det i naturmangfaldsrapporten er knytt usikkerheit til om slåttemarka er ei slåttemark eller ein brakk åker. Definisjonen av slåttemark er mellom anna knytt til eit vilkår om at arealet ikkje har vore fulldyrka tidlegare. Ut frå historiske flyfoto ser vi at arealet i 1970 var fullt oppdyrka, med det som kan sjå ut som potet- eller grønsaksbed, og vi leggjar derfor til grunn at dette truleg ikkje er ei slåttemark.

Lokalitetskvaliteten er oppgitt til «låg kvalitet». Samstundes er naturmangfaldet vurdert som «lite», og tilstanden til «dårleg». Dette tilseier at sjølv om dette hadde vore ei slåttemark, ville det ikkje ha vore ein førekomst av ein utvald naturtype i tråd med *Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven*, sidan innslagspunktet krev minst eitt nivå høgare skår på éin av desse parameterane.

Etter vår vurdering legg vi til grunn at dette ikkje er ein førekomst av slåttemark, jf. historiske flyfoto. Det er heller ingen registrerte førekomstar av artar av nasjonal interesse i området.

Vassdrag og vassmiljø

Planframlegget råkar vassførekomsten Eidsborgtjønnbekken, som er registrert med moderat økologisk tilstand. Den kjemiske tilstanden er ikkje vurdert.

I samsvar med vassforskrifta § 4 er det eit overordna mål at tilstanden i overflatevatn skal vernast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast slik at vassførekomstane oppnår minst god økologisk tilstand. For sterkt modifiserte vassførekomstar gjeld tilsvarande mål om godt økologisk potensial, jf. § 5. På denne bakgrunnen er det avgjerande at planen sikrar løysingar som tek vare på vassmiljøet. Det må særleg leggjast til rette for gode løysingar for handtering av overvatn og avrenning, og det må stillast krav til at tiltak i og langs vassdraget skjer med tilstrekkeleg omsyn til vassmiljøet.

Naturmangfaldkartlegginga som følgjer planframlegget viser at bekken er leveområde for fisk, bever og andre artar. Rapporten peikar på fleire avbøtande tiltak for å ta vare på vassmiljøet. Etter vår vurdering er desse tiltaka likevel ikkje samla og tilstrekkeleg tydeleg sikra i reguleringsplanen. Vi

registrerer at reguleringsføresegnene stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) før byggjestart, basert på tilrådingar og utgreiingar frå fagkunnige. Dersom det er føresetnaden at avbøtande tiltak heilt eller delvis skal følgjast opp gjennom YM-planen, må dette gå tydelegere fram av reguleringsføresegnene. Det bør då òg komme fram kva fagtema YM-planen skal omfatte, mellom anna vassmiljø og vassførekomstar. Vidare må samanhengen mellom YM-planen og dei bindande reguleringsføresegnene presiserast, slik at tiltaka får nødvendig rettsleg verknad i gjennomføringa av planen. Vi meiner òg at reguleringsføresegnene bør innehalde krav om at påverknad på vassmiljøet i anleggsfasen skal følgjast opp gjennom eigna kontroll- og overvakingstiltak. Det bør i tillegg stillast krav om bruk av nødvendige avbøtande tiltak for å redusere risikoen for partikkel- og slamforureining.

Vi merkar oss at delar av eigedomane gnr./bnr. 29/1, 29/2 og 35/1 er foreslått nytta som mellombels byggje- og anleggsområde heilt ned mot Eidsborgtjønnbekken. Vi ber om at dette området vert avgrensa til det som er strengt naudsynt, og at kantsona langs bekken i størst mogleg grad vert skjerma. Føresegnene opnar for at areala kan nyttast til riggområde og mellombels lagring av jord- og steinmassar samt utstyr. Ei slik bruk tett opp mot bekken aukar risikoen for skadeleg avrenning, både i form av partikkelavrenning frå massar og utslepp av kjemikaliar og olje frå maskinar og utstyr. Det er positivt at reguleringsføresegnene fastset at det skal liggje føre nødvendig løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vassressurslova før inngrep i vassdrag og kantsoner kan gjennomførast.

Vi ber om at dei nemnde justeringane vert vurderte innarbeidde i planen før vedtak.

<u>Forureining</u>
Støy
Vi registrerer at det ikkje er innarbeidd føresegner om at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442) skal leggjast til grunn i drifts- og anleggsfasen. Vi ber om at ei støyføresegn blir innarbeidd og at grenseverdiane gitt i T-1442 ikkje skal overskridast, og at dette skal leggjast til grunn både i drifts- og anleggsfasen.

Støv
Vi registrerer at det ikkje er innarbeidd føresegner som sikrar ivaretaking av støv i drifts- og anleggsfasen. Vi ber om at det blir innarbeidd ei føresegn om at omsynet til støvproblematikk i drifts- og anleggsfasen skal handterast i samsvar med *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging* (T-1520).

<u>Massehandtering</u>
Vi registrerer at planen ikkje peikar ut konkrete areal for mellombels og permanent lagring av massar utover at mellombels lagring kan skje innafor føresegnområde for mellombels byggje- og anleggsområde. Infrastrukturprosjekt og byggjeverksemd fører ofte til svært store overskot av jord- og steinmassar som ikkje er forureina. Å finne tilstrekkeleg eigna areal til deponering av reine massar er ofte ei utfordring. Mellomlagring og permanent disponering av jord- og steinmassar kan føre til uheldige effektar i nærliggjande resipientar og på land. Vi rår til at slike areal blir avklart, og at det blir innarbeidd føresegner og retningsliner knytte til dette.

I *Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging (2023-2027)*, punkt 44 forventar regjeringa at planar for større byggje- og anleggsarbeid skal avklare korleis overskot av massar skal disponerast, samt korleis naudsynt areal til handteringa skal sikrast. Vidare skal moglegheita for ombruk og materialattvinning vurderast, og det skal tilstrebast massebalanse.

Vi viser òg til nytt punkt 3.5 om massehandtering i revidert rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis.*

Før areal blir sett av til deponering av reine massar, må det greiast ut og vurderast opp mot miljømål og prinsipp i vassforskrifta og naturmangfaldlova om disponeringa kan føre til forureining i resipient eller skade på naturmangfaldet. Når disponering av massar kan medføre fare for forureining, kan det vere nødvendig med løyve etter forureiningslova § 11. Miljødirektoratet sitt faktaark M-1243/2018 *Mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmassar som ikkje er forureina* gir nærare informasjon om dette temaet.

Samfunnstryggleik og beredskap
ROS-analysen peikar på avbøtande tiltak som ikkje er tekne inn i reguleringsføresegnene. Statsforvaltaren tilrår at dette blir gjort før planen vert vedteken.

Med helsing

Lene Ottersen (e.f.)
seniorrådgiver

Andreas Riis Fossnes
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL

Telemark
FYLKESKOMMUNE

Vedlegg 12

Offentleg uttale (til sak 25/10713)

Seksjon Samfunn og plan

Til:

Vår dato:	18.05.2026
Vår referanse:	24/13736-12
Vår saksbehandler:	Hanne Birte Hulløen
Unntatt offentlighet iht.:	

Kopi: ,

Uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru - planID 2024001 - Tokke kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 18. mai 2026 om offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv. 450 Vrengen bru i Tokke kommune. Uttalefristen er sett til 29. juni 2026.

Formålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for å bygge ny bru og veg til erstatning for den eksisterande delen av fylkesveg 450 på ei strekning på ca. 360 meter.

Planområdet ligg sør for Eidsborg stavkyrkje. Det er i kommuneplanens arealdel avsett til LNFR-område med tillaten spreidd bustadbygging, og med særleg verdfulle kulturlandskap, og er uregulert.

Fylkeskommunen har tidlegare kome med innspel til varselet om oppstart av planarbeid, jf. brevet vårt sendt 28. mai 2024 (24/13736-2). Planforslaget/vegprosjektet har òg vore på intern høyring i fylkeskommunen vinteren 2026, før det ble sendt på offentleg ettersyn.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 5-2.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til

barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtala blir vidareført inntil vidare mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Omsynet til kulturminner og kulturmiljø

Planområdet ligg innanfor kulturmiljøet Eidsborg og brynesteinslandskapet, som har nasjonal verdi. Kulturmiljøet omfattar ei rekkje kulturminne som er automatisk freda etter kulturminnelova § 4. Kulturarv i Telemark fylkeskommune har vurdert planforslaget ut frå omsynet til kulturminne og kulturmiljø. Med dei løysingane som no ligg til grunn, vurderer vi at planforslaget ikkje vil føre til vesentleg negativ påverknad på opplevinga av enkeltminne eller kulturmiljøet som heilskap.

Innanfor kulturmiljøet ligg Eidsborg stavkyrkje. Kyrkja er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 og fell innanfor forvaltningsansvaret til Riksantikvaren. Vi har derfor bedt Riksantikvaren om å vurdere planforslaget når det gjeld verknadene for Eidsborg stavkyrkje.

I e-post dagsett 16. juni 2026 uttalar Riksantikvaren at planområdet og tiltaka med ny bru og oppgradering av vegen ikkje vil påverke opplevinga av Eidsborg stavkyrkje. Riksantikvaren viser til at både terreng og vegetasjon gjer at det ikkje er sikt til stavkyrkja frå planområdet. Riksantikvaren har derfor vurdert at tiltaka ikkje vil verke utilbørleg skjemmande for Eidsborg stavkyrkje, og at tiltaka ikkje krev dispensasjon frå Riksantikvaren etter kulturminnelova.

Det står ein eldre bygning heilt inntil vegkanten rett sør for Vrengen bru. Bygningen er planlagd riven. Vi rår likevel til at ein søkjer å finne ei løysing der bygningen kan flyttast til ein ny stad.

På bakgrunn av dette har Telemark fylkeskommune ved Kulturarv ingen merknader til planforslaget.

Samferdsel

Reguleringsplanen ser ut til å ivareta trafikktryggleik og funksjonalitet kring brua.

Planfaglege råd

Vi minner om at rutenett må påførast plankartet, og at teksting som gards- og bruksnummer skal synast vassrett.

Med helsing

Kristine Gisholt
stedfortreder/rådgiver
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur

Telemark
FYLKESKOMMUNE

Saksbehandlar
Hanne Birte Hulløen - hovedsaksbehandlar tlf. 90 17 67 96 e-post: hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no
Dag Steinar Ragvin - samferdsel
Line Grindkåsa - automatisk freda kulturminner tlf. 40 91 23 86 e-post: line.grindkasa@telemarkfylke.no

Telemark
FYLKESKOMMUNE

Vedlegg 13

i7042038 - Fv. 450 - Vrengen bru - alt 1- regplan-offentlig korrespondanse

Høringsinnspill til reguleringsplanforslag

Innsendt:
16.06.2026 - 11:15

Saksnummer i p360:
25/10713

Navn:
Lars Helge Lie

E-post:
lars.helge.lie@nenett.no

Adresse:
Pansveg

Telefonnummer:
41682237

Jeg gir innspill som:

Informasjon om organisasjon/myndighet:

Illustrasjon fra innbygerdialogen:



Lenke til innspillene:
Trykk her for å komme til innspillene

Innspill:
Som eier av sekundærbolig i Brynesteinvegen 11, vil jeg bidra med noen tanker om vegprosjektet. Først og fremst støtter jeg sterkt opp om den nåværende planen om oppgradering av eksisterende trase. Viktig å unngå det store inngrepet som veg over myra ville blitt. Og i forhold til støy, vil det bli omtrent status quo. Flott og at innkjøring til Kyrkjedalen blir flytta slik at oversikten blir bedre. Og så har jeg registrert at noen har hatt et synspunkt på at Reffelbrekk gården vil bli skadelidende av denne planen. For det første har gården stått ubebodd i over 50 år, og så vil det jo ikke bli andre endringer enn at smia må flyttes. Og det må da være positivt slik at den kommer mer til sin rett og kanskje blir tatt mer vare på. Og til slutt et poeng som og andre har vært inne på. Farten vil og bli dempet ved at det fortsatt blir svinger, i motsetning til planen over myra, der farten ganske sikkert ville bli høyere. Ulempen med denne planen er vel bare trafikkavviklingen under anleggsperioden, men ser ut til at dere vil løse det så smidig som mulig. Lars Helge Lie

Vedlegg:

Ingen vedlegg.

Vedlegg 14

Telemark
FYLKESKOMMUNE

i7042038 - Fv. 450 - Vrengen bru - alt 1- regplan-offentlig korrespondanse

Høringsinnspill til reguleringsplanforslag

Innsendt:
23.06.2026 - 12:36

Saksnummer i p360:
25/10713

Navn:
Mette Lillegård

E-post:
lillegardmette@gmail.com

Adresse:
Eidsborgvegen 368

Telefonnummer:
90515248

Jeg gir innspill som:

Informasjon om organisasjon/myndighet:

Illustrasjon fra innbygerdialogen:



Lenke til innspillene:
Trykk her for å komme til innspillene

Innspill:
Eg bur i Eidsborg, på nedsida av Vrengen mot Eidsborgberget. Då eg hadde små born var det ikkje anledning til å sende dei opp i bygda for å leike eller delta på aktivitetar utan at ein vaksen var med. No er desse ungane vaksne, men også dei etablerer seg i bygda me er så glad i. Eit barnebarn på snart to år og nok eit som kjem i september vil heller ikkje kunne farte opp til bygda slik me hadde håpa med planar for ny veg som har pågjenge sidan 80-talet. Vegen vert rett nok noko breiare en i dag, men det er ikkje ei vegskulder berekna på mjuke trafikantar i planen. I Eidsborg har me Vest-Telemark Museum, brynesteinsbrotet, stavkyrkja og turstiar som alle er attraktive turistmagnetar. Derfor er det stor trafikk på syklar opp og ned frå Dalen. I tillegg er det veldig mange som gjeng stien frå Dalen, via Rui og opp til museet, og dei gjeng veldig ofte vegen ned att til fots. Det er av desse grunnane ein veldig stor andel mjuke trafikantar forbi strekninga frå slutten mai til langt ut i september. Eidsborg er i tillegg ei bygd i vekst. Dei unge kjem attende og etablerer seg og stiftar familie. Det er nå 14 barn i barnehage- og grunnskulealder og det aukar med tre i løpet av året. Altså 17 barn ved utgangen av 2026. At ei bygd med stor gjennomgangstrafikk spesielt når

Suleskarvegen er ope ikkje skal leggje til rette for dei mjuke trafikantane i større grad er vanskeleg å forstå. Litt utretting av vegen og ny bro som legg til rette for at bilane kan møtast er heller ikkje eit fartsreduserande tiltak, noko som gjer at utkøyringa frå vegen til Kleppo vil vere akkurat like farleg som no. Dei 20 metrane lengre sikt er ikkje nok til å trygge dei som skal ut der. Eg les under pkt. 7.1. i reguleringsplanen at «Dette prosjektet er så kort at det er klassifisert som ei punktutbetring i Vegvesenet sine handbøkar. Det gjer at det ikkje er krav til linjeføringa for strekningen». Eg måtte lese meg opp på kva det betydde, og fann vel ut at det ikkje er spesielle krav om å rett ut vegen, endre kurver eller tilpasse den til moderne standar for eks. stigningar og sikt. Eg vil vere så fri å tru at dersom eg hadde søkt om å etablere ei ny utkøyring på vegen så ville kravet om 70 m sikt til begge sider vore absolutt. Synes derfor det er merkeleg at de ynskjer å gå imot eigne prinsipp her som det knapt er 30 meter sikt. Med alt. 2 i forprosjektet som var å gå rett over myra og gjennom ei fjellskjering ville ein fått trafikksikre avkøyringar, hatt areal nok til å få ei vegskulder som sikra tryggare ferdsel for mjuke trafikantar, ein kan nytte eksisterande veg under anleggsperioden og ikkje minst så hadde garden Reflebrekk blive veldig mykje meir attraktiv for busetting i framtida. Vegen ville ikkje vere synleg frå gardstunet, det ville ikkje vere støy slik som det er i dag og det ville vere sikkert å bu der med små born utan å gjerde heile tunet inn. Ein må ta inn over seg den store trafikken det faktisk er med bilar, lastebilar og motorsyklar døgnet rundt om sumaren. I ei lita bygd som vår så treng me alle dei innbyggjarane me kan få og Reflebrekk ville bli attraktiv dersom den låg meir skjerma og finare til. Håpar derfor de på nytt kan vurdere alt. 2 i forprosjektet, slik at me får ein trygg veg for alle som ferdast her.

Vedlegg:
Ingen vedlegg.

Vedlegg 15

Fra: "Tveito, Tone Jorunn" <tontve@innlandetfylke.no>
Sendt: mandag 29. juni 2026 00:35:21
Til: "Postmottak" <post@telemarkfylke.no>; "Tveito, Tone Jorunn" <tontve@innlandetfylke.no>; "postmottak@tokke.kommmune.no" <postmottak@tokke.kommmune.no>
Emne: «Innspel til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru, sak 25/10713»
Vedlegg: Kjell Olav Tveito_Innspel til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru, sak 2510713_27.06.2026.pdf, vedlegg1_Gammel plan ved Vrengen bru frå Vegvesenet ved Peder Berdalen frå 24.11.83 Godkjent etterpå av vegsjefen.pdf, vedlegg2_Sak 47 Tokke kommunestyre 19 juni 2019 om løyving av 2 MNOK til Vrengen bru.PDF, vedlegg3_Vrengen bru framlegg til ny alternativ trase alternativ 2a per 8 april 2025.pdf, vedlegg4_Kostnadsoverslag Fv 45 Vrengen bru april 2019 ved Statens Vegvesen.xlsx, vedlegg5_ epost korrespondanse mellom Tokke Kommune og hovudutval samferdsel Telemark Fylkeskommune.pdf, vedlegg6 epost 04.06.26 av Helene Noraberg, Plan- og prosjekteringsleiar Vegutbygging..pdf, vedlegg7 Tokke Kommunestyre 16.06.2026.pdf

You don't often get email from tontve@innlandetfylke.no. Learn why this is important

Advarsel: Denne e-posten kommer fra en ekstern avsender. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg med mindre du kjenner igjen avsenderen og vet at innholdet er trygt.

Hei hei viser til brev og 7 stk vedlegg.

«Innspel til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru, sak 25/10713»

På vegne av ***Kjell Olav Tveito,*** *Grunneigar Refelbrek 29/1*

Venleg helsing
Tone Jorunn Tveito
Realfag, Lektor med tilleggsutdanning
Lillehammer vgs. Avd. Sør
Nord-Gudbrandsdal vgs. Avd. Otta

Telefon: 41 44 70 20
E-post:tontve@innlandetfylke.no

Innlandet fylkeskommune
Telefon: 62 00 08 80
www.innlandetfylke.no

Kjell Olav Tveito
Lårdalsvegen 764
3891 Høydalsmo

Telemark fylkeskommune
Postboks 2844,
3702 Skien
e-post: post@telemarkfylke.no.

Lårdal 26.06.2026

Tokke kommune
Storvegen 60
3880 Dalen
e-post: postmottak@tokke.kommmune.no

Innbyggjardialog i 3D
https://telemarkfylke.no/vrengen

Innspel til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru, sak 25/10713

Viser herved til sak «Innspel til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru, sak 25/10713» og ber herved Tokke kommune å bruke sin planmyndighet og seie NEI til reguleringsplanen frå Telemark Fylkeskommune vedr. Vrengen Bru. Er truleg einaste løysinga for å få alternativ 2, fordi Statens vegvesen vil ekspropriere grunneigarar som seier NEI. Underteikna er grunneigar for kultuminnegarden Reffelbrek 29/1 med 16 hus, herav 13 SEFRAK registrerte hus. På gardstunet har Reffelbrek våningshus, stabbur, smie, låve, kvern, mølle, badstue osv.

Viser til sak i Tokke Kommunestyre den 16.06.2026 der 18 mot 3 stemmer valgte alternativ 2, same vedtak som kommunestyret samrøystes vedtok i 2019, i følge ordførar Jarand Felland på digital overføring frå kommunestyresalen.

Nasjonal veg Oslo-Stavanger. Fylkesveg 450 (med vegen Svartevatn–Rotemo) tilrådast for å reise Oslo–Stavanger. Google maps er ein av vegsøkfunksjonar som tilrår denne strekninga gjennom Tokke kommune og Valle kommune osv., Suleskarvegen. Suleskarvegen har eit stort potensiale til å bli ein NY vegstrekning blant dei utvalgte Nasjonale turistvegar. Nasjonale turistvegar er per i dag 18 utvalgte vegstrekningar som går gjennom landskap med unike naturkvalitetar, langs kyst og fjordar, fjell eller fossar. Strekningane skal vere eit godt alternativ til hovudvegane og kjøreturen i seg sjølv skal vere ei god oppleving. Fylkesveg 450 har ei samla lende på over 20 mil. Rogaland har 53,3 km, Agder frå fylkesgrensa til Nomeland har 74,2 km, Agder frå Rotemo til fylkesgrensa 20,3 km og Telemark 52,7 km som går frå Høydalsmo i Tokke og opp via Dalen og til Suleskar i Sirdal. Dersom Suleskaregen blir ein NY nasjonal turistveg, vil dette saman med Telemarkskanalen, Lysefjorden og Preikestolen vere fantastiske trekkplaster. Regionen rundt, på tvers av kommunegrenser og fylkesgrenser vil

blomstre i lokalt næringsliv og prioriteringar er høge i forhold til bedriftsstøtte og arkitektur knytt til attraktive utsiktspunkt og rasteplassar. Jmfr. Geiranger og Trollstigen.

Tokke kommune, grunneigar for Reffelbrek 29/1 og lokalsamfunnet i Eidsborg ynskjer alternativ 2, (ny rett trase aust for dagens veg) og har heile tida sagt NEI til alternativ 1 (utbetre dagens trase med ny bru) frå Telemark fylkeskommune vedr. saka Vrengen bru fv.450. På sikt vil truleg også fortau bli aktuelt på strekninga, grunna mjuke trafikanter som gå og sykkel, mellom Dalen og populære aktiviteter Rui, Lårdalstigen, Stavkyrkja, Vest-Telemark museum og Brynesteinsbrotet bli aktuelt. EL-sykkel er eit svært godt døme på veksande framkomstmiddel i reiselivet. I dag er det ingen som sender ungane sine på Fv 450 i bygda Eidsborg. Per i dag er det mange som syklar oppover frå Dalen og går nedover stien frå Vest- Telemark museum.

Ved å velge trase 2, vil ein ikkje trenge å stenge ferdselsveg til Dalen under vegbygging, dette er viktig for næringslivet, lokalbefolkning og beredskap.

Telemark Fylkeskommune ynskjer alternativ 1, grunna dette visstnok eit lågare prisalternativ etter at dei fekk auke kostnadsramma på alternativ 2 frå 11 millioner NOK til 34 millioner NOK. Altså ein auke på Prosjekteringskostnader på over 300 %. Ordførar Jarand Felland opplyser på digital overføring frå kommunestyret den 16.06.26, at Telemark Fylkeskommune har siste prisoverslag på alternativ 2 på 62 millioner NOK. (I tilsvarande prosjekt som i alternativ 2, blir det ofte brukt nedlagte store betongrør istaden for ny bru, noko som er svært kostnadssparande.)

Telemark Fylkeskommune vil spare pengar og gå for alternativ1, men grunneigarar, innbyggarar, Tokke Kommune, samt alle som brukar ferdselsvegen aust-vest, Suleskarvegen får ulempene. Fylkesveg 450 er ei stor hovudferdselesåre til Vestlandet mot Stavanger om sommaren. Vegen får ein heilt annan bruk og status, når Suleskarvegen er open.

Underteikna meiner at her er det verdt å snu i tide, slik at Fylkesveg 450 Vrengen Bru ikkje blir ein flaskehals i ein nasjonal transportplan for storsamfunnet og at ein brukar «sunn fornuft» når ein stikkar vegen for å unngå trafikkfarlege situasjonar for lokalsamfunnet. På denne vegen har det gått fleire liv tidlegare. Tokke kommune har hatt planar om alternativ 2 i over 70 år.

Underteikna seier nei til alternativ 1 og ynskjer at Telemark Fylkeskommune arbeider fram reguleringsplan for Alternativ 2 (Ny rett trase aust for dagens veg), når ein skal utbetre vegen Vrengen bru fv 450 til standard Fylkesveg med bredde på 6,5 meter i tillegg til grøft på kvar side med betre sikt. Målet er trafikksikkerhet og betre framkomst, men alternativ 1 skapar ulemper for grunneigarar og bebuarar langs eksisterande veg.

1.0 ARGUMENTASJON MOT ALTERNATIV 1 i reguleringsplanen

Viser til reguleringsplanen til Telemark Fylkeskommune og epost den 04.06.26 av Helene Noraberg, Plan- og prosjekteringsleiar Vegutbygging.

Underteikna og grunneigar Reffelbrek 29/1, har punktvis lyfta fram sider som er viktige i argument mot alternativ 1 i reguleringsplanen frå Telemark Fylkeskommune.

1.1. TRAFIKKFARLEG LØYSING
1.2. ØYDELEGG KULTURMINNEGARDEN REFFELBREK
1.3. DÅRLEG TRASEVAL OG FLASKEHALS fv450 – STOR SAMFUNNSSAK - SULESKARVEGEN - NASJONAL VEG
1.4. KRITIKKVERDIG STØYRAPPORT
1.5. TOKKE KOMMUNE YNSKJER ALTERNATIV 2
1.6. EKSPROPRIERE

1.1. TRAFIKKFARLEG LØYSING

Alternativ 1 er ei trafikkfarleg løysing for grunneigarar og beburar med inn -og ut kjørsler til eigedom og gardar langs strekninga. Reguleringsplanen for alternativ 1 viser utbetring av same gamle svingette trase med standard fylkesveg 6,5 meter vegbredde og i tillegg grøfter. Hastigheten blir sjølvsagt auka frå i dag, der vegen er så smal at to bilar kan ikkje møtast. I reguleringsplanen planlegg ein hastighet 60 km/t.

Gamal trase var opprinneleg kjerreveg. Før var vegen flott når den låg tett på tunet og garden som sikra lett adkomst. Eigedommar, hus og gardar blir påført fleire og fleire ulemper, grunna auka trafikk, større kjøretøy, større hastighet og auka frekvens. Dette fører til større miljøulemper, mindre trafikktryggleik og mindre buverdi for ein familie. I Eidsborg er det mange mjuke trafikanter og ei bygd med positiv utvikling.

Fylkesveg 450 er ei stor hovudferdselesåre til Vestlandet mot Stavanger om lag 6 månadar, mai-november.

Telemark Fylkeskommune vil spare pengar, men grunneigarar, innbyggerar, Tokke Kommune, samt alle som brukar hovudferdselsvegen aust-vest, Suleskarvegen får ulempene.

Underteikna meiner at her er det verdt å snu i tide, slik at Fylkesveg 450 Vrengen Bru ikkje blir ein flaskehals i ein nasjonal transportplan for storsamfunnet og at ein brukar «sunn fornuft» når ein stikkar vegen for å unngå trafikkfarlege situasjonar for lokalsamfunnet. På denne vegen har det gått fleire liv tidlegare. Tokke Kommune har sidan 1950 talet, planlagt å gjere om denne vegstrekning og i 1983 vart skissa teikna av Peder Berdalen og godkjent av vegsjefen. Viser til vedlegg 1*: Gammel plan ved Vrengen bru frå Vegvesenet ved Peder Berdalen frå 24. november 1983 Godkjent etterpå av vegsjefen.*

1.2. ØYDELEGG KULTURMINNEGARDEN REFFELBREK

Alternativ 1 øydelegg kulturminnegarden Reffelbrek 29/1 for all framtid, der garden vil få ein veg med bredde på 6,5 meter som ein del av tunet med ei høg fjellskjering opp mot 9 meter med tilhøyrande støy. Er verdt å merke seg at truleg er det store manglar på støyrapport i reguleringplanen på alternativ 1, der rapporten brukar variabler i ein «ideel» kontekst og vi meiner støyrapporten er kritikkverdig, sjå pkt 1.4.

Garden Reffelbrek er eit kulturminne med rike tradisjonar i Telemark. Reffelbrek var klokkargard og lærargard. Reffelbrek hadde salgsmøta for eksporten av brynestein ut mot Europa. Brynestein var Norges eldste eksport frå Vikingtida og til 1950 tallet. Frå steinbrota vart steinen frakta med hest og transportert til Skien via vassvegen og Telemarkskanalen. Før var garden Reffelbrek flott med sentral plassering til kjerreveg og lett adkomst, men etter transport av ulike dimmensjoner for kjøretøy, ligg vegen framleis på same stad. Garden blir påført fleire og fleire ulemper, grunna auka trafikk, større kjøretøy, større hastighet og auka frekvens. Dette fører til større miljøulemper, mindre trafikktryggleik og mindre buverdi for ein familie.

Garden blir øydelagt for all framtid og verdien er redusert til null, sidan ingen kan bu på ein slik stad med stor hovudferdselesåre til Vestlandet mot Stavanger om sommaren, rett ovanfor husveggen på våningshuset og gardstunet.

1.3. DÅRLEG TRASEVAL OG FLASKEHALS fv 450 – STOR SAMFUNNSSAK-SULESKARVEGEN – NASJONAL VEG

Alternativ 1 vil vere eit dårleg traseval for Eidsborgvegen i bygda Eidsborg der vegen får svingar og farlege avkjørsler med liten sikt. For Tokke kommune og Vest-Telemark, er det viktig å ha prioritering på utbetring av svingette og smale vegar, for å oppgradere og gjere lokalsamfunnet meir tilgjengeleg.

Alternativ 1 vil skape vegen til ein flaskehals når ein ser på ulike oppgraderingar av Fylkesveg 450 som ei viktig gjennomfartsåre aust-vest, Suleskarvegen. Om lag 6 månadar er dette ei svært viktig trafikkåre for Tokke Kommune og Vest-Telemark, samt Valle kommune og Setesdal. Så fort bommen over Suleskar er open, blir dette omforma til ein stor nasjonal hovudferdselsveg og trafikken aukar enormt år for år. Nasjonalturistveg og ferdselsåre aust-vest, gjev derfor inga meining i å bruke Alternativ 1 over gardstun og med så mange skumle avkjørsler til ulike eigedommar, samt trase med svingar.

I tillegg til å vere ei stor samfunnssak for ferdsel mellom aust og vest, turisttrafikk og nasjonal hovudveg kjent som Suleskarvegen – der ein kjører mot turistattraksjonen Preikestolen og oljebyen Stavanger, bør ein heilt klart prioritere Alternativ 2, enn om her kan vere større kostnadsauke per i dag, men vere lønnsamt med ringverknadar for komande generasjonar. Stopp å gjere halvvegs jobb!

Nasjonal veg Oslo-Stavanger. Fylkesveg 450 (med vegen Svartevatn–Rotemo) tilrådast for å reise Oslo–Stavanger. Google maps er ein av vegsøkfunksjonar som tilrår denne strekninga

gjennom Tokke kommune og Valle kommune osv., Suleskarvegen. Suleskarvegen har eit stort potensiale til å bli ein NY vegstrekning blant dei utvalgte Nasjonale turistvegar. Nasjonale turistvegar er per i dag 18 utvalgte vegstrekningar som går gjennom landskap med unike naturkvalitetar, langs kyst og fjordar, fjell eller fossar. Strekningane skal vere eit godt alternativ til hovudvegane og kjøreturen i seg sjølv skal vere ei god oppleving. Fylkesveg 450 har ei samla lende på over 20 mil. Rogaland har 53,3 km, Agder frå fylkesgrensa til Nomeland har 74,2 km, Agder frå Rotemo til fylkesgrensa 20,3 km og Telemark 52,7 km som går frå Høydalsmo i Tokke og opp via Dalen og til Suleskar i Sirdal. Dersom Suleskaregen blir ein NY nasjonal turistveg, vil dette saman med Telemarkskanalen, Lysefjorden og Preikestolen vere fantastiske trekkplaster. Regionen rundt, på tvers av kommunegrenser og fylkesgrenser vil blomstre i lokalt næringsliv og prioriteringar er høge i forhold til bedriftsstøtte og arkitektur knytt til attraktive utsiktspunkt og rasteplassar. Jmfr. Geiranger og Trollstigen.

Tokke kommune, grunneigar for Reffelbrekk 29/1 og lokalsamfunnet i Eidsborg ynskjer alternativ 2, (ny rett trase aust for dagens veg) og har heile tida sagt NEI til alternativ 1 (utbetre dagens trase med ny bru) frå Telemark fylkeskommune vedr. saka Vrengen bru fv.450. På sikt vil truleg også fortau bli aktuelt på strekninga, grunna mjuke trafikanter som gå og sykkel mellom Dalen og populære aktiviteter Rui, Lårdalstigen, Stavkyrkja og Vest-Telemark museum bli aktuelt. El-sykkel er eit svært godt døme på veksande framkomstmiddel i reiselivet. I dag er det ingen som sender ungane sine på Fv 450 i bygda Eidsborg. Per i dag er det mange som syklar oppover frå Dalen og går nedover stien frå Vest-Telemark museum.

Veg å gå trase 2, vil ein ikkje trenge å stenge ferdselsveg til Dalen under vegbygging.

1.4. KRITIKKVERDIG STØYRAPPORT

Alternativ 1 har støyrapport som vi stiller spørsmål til og meiner er kritikkverdig der vi viser til utdrag frå støyrapport:

Utdrag frå støyrapport:

Pkt 4.2.2. siste setning
Dersom endringen i støynivå er 3 dB eller mer skal tiltaket vurderes som ett nytt veianlegg.

Pkt 5,1 Forutsetningar, Trafikkdata
Tiltaket i seg selv fører ikke til noen endring i trafikkmengde eller hastighet, og det er derfor benyttet samme trafikktall for 2048 i referansesituasjonen og utbygd situasjon.

Pkt 5.2 Forutsetningar, marktype
Beregningshøyde er 1,5 m over terreng og det er forutsatt akustisk absorberende (myk) mark overalt utenom veier som er regnet som reflekterende.

Underteikna meiner dette er kritikkverdig i støyrapporten:

Dei har gjort ein teoretisk beregning med utgangspunkt i fleire føresetnader.

Vi stiller spørsmål med i alle fall tre av dei (sjå gulmerka):

1. «***Grense på 3 dB»*.** Her trengs meir fakta på bordet for å kunne fastslå grensa på 3 dB. Desibelskalaen er logaritmisk skala som angir lydstyrke. Akustikk kan også påverke lydstyrken ut frå terrenget. Undersøkelsar frå Miljødirektoratet viser at dei fleste vil oppfatte ein auke i lydnivå på 10 desibel som ei fordobling. Vegtrafikk er den største kjelda til støy i Norge.

2. ***"Uendra hastighet".*** Per i dag har Fv.450 fartsgrense på 60 km/t, men dette kan ikkje praktiserast slik vegen er i dag. Ved støyrapport, brukar ein dette som utgangspunkt for målingar. Underteikna meiner at ein utbetra og breiare veg, vil utløyse høgare faktisk hastighet forbi Reffelbrek enn i dag og dermed høgare støy. Per i dag er det ingen som kan kjøre i 60 km/t forbi Reffelbrek. Vegen er per i dag for smal til at to privatbilar kan møtast. Bilar og større kjøretøy må rigge og stoppe, for å sleppe kvarandre forbi.

3. ***"Myk markoverflate overalt utenfor veg".*** Underteikna kan vere einig i at det er vegetasjon og tre per i dag, men etter utbygging vil det bli ein tilnærma loddrett fjellvegg på 6-9 meters høgde over ein strekning på 100 meter med direkte lydrefleksjon ned i tunet på Reffelbrek. Dette kan også påverke akustikk (jmfr. pkt 1) Underteikna meiner at denne refleksjonen av lyd vil auke og sidan garden ligg på nedsida av vegen, vil det summativt auke lydstyrken til våningshuset.

   Vegetasjon er heller ingen støydempande faktor for dirkete støy, dersom det er fri luftlinje frå bilens bunnlinje. I så fall må det vere montert støydempande-skjem langs heile vegen inn mot tunet. Alternativ er ein stor jordvoll som kan vere dempande. Men I tillegg til støy, blir det også mykje støv og partikler i vegetasjonen rundt. Dersom støyskjerm eller jordvoll er alternativet for å hindre støy og sikkerhet inn mot gardstunet, vil underteikna påstå at heile kulturminnegarden Reffelbrek er øydelagt. Hus (smia) må også flyttast for å kunne fullføre Alternativ 1.

Underteikna stiller difor eit kritisk spørsmål til om dei valde føresetnadene for berekningane i støyrapporten og om konklusjonane er korrekte!!

Underteikna meiner svaret er nei. Dersom vegen blir lagt etter alternativ 1, kan det bare aksepterast anten med jordvoll eller støyskjerming og då er garden øydelagt som eit norsk kulturminne for komande generasjonar.

1.5. TOKKE KOMMUNE YNSKJER ALTERNATIV 2

Alternativ 1 har aldri vore ynskt av Tokke Kommune og grunneigarar. Vi viser til tidlegare korrespondanse mellom Tokke Kommune og Telemark Fylkeskommune der hovudutval for samferdsel som skal avgjere traseval for sak i Eidsborg i Tokke, får beskjed om at Tokke kommune støtter alternativ 2. Det er dette alternativet som har vore planlagt sidan 1983. Då var det ferdige planteikningar frå Peder Berdalen. Tokke kommune har også tidlegare løyva 2 millioner NOK i kommunal støtte til dette prosjektet. Viser til vedlegg.

Vedlegg1: Gammel plan ved Vrengen bru frå Vegvesenet ved Peder Berdalen frå 24 november 1983 Godkjent etterpå av vegsjefen

Vedlegg2: Sak 47 Tokke kommunestyre 19 juni 2019 om løyving av 2 MNOK til Vrengen bru

Vedlegg3: Vrengen bru framlegg til ny alternativ trase alternativ 2a per 8 april 2025

Vedlegg4: Kostnadsoverslag Fv 45 Vrengen bru april 2019 ved Statens Vegvesen

Vedlegg 5: epost korrespondanse mellom Tokke Kommune og hovudutval samferdsel Telemark Fylkeskommune

Viser til sak i kommunestyret den 16.06.2026 der 18 mot 3 stemmer valgte alternativ 2, same vedtak som kommunestyret samrøystes vedtok i 2019.

Vedtak:

Sverre Bakke (Senterpartiet) sitt forslag vart sett opp mot **Tilråding frå formannskap**

Framlegg i sak 44/26 Tokke kommunestyre frå Sverre Bakke Sp

Tokke kommunestyre vil ikkje tilrå bygging av Vrengen bru slik som utkastet til plan ligg føre.

Ein grunngjev det med store miljømessig konsekvensar i eit viktig kulturlandskap som Eidsborg er og at dette er til stor ulempe for garden Reflebrekk.

Tokke kommunestyre vil tilrå den gamle planen som går bak haugen på garden Reflebrekk og at ein bygger kulvert i staden for bru.

Ein grunngjev dette med at :

1. Det er miljømessig rett å bygge bak haugen, då skjæringane her ikkje blir synleg i kulturlandskapet i Eidsborg.
2. Veglengda på dei to traseane er om lag lik.
3. Vi trur det er billigare å bygge over myra med kulvert enn ei ny bru. Ein kan bruke dei massene ein får, til å fylle seg over bekken.

Dersom Telemark Fylkeskommune ignorerer slike lokale ynskje, er underteikna sin påstand at lokaldemokratiet er lite verdt.

1.6 EKSPROPRIERE

Underteikna og grunneigar til Reffelbrek 29/1 har bedd Tokke kommune å bruke sin planmyndighet og seie NEI til reguleringsplanen frå Telemark Fylkeskommune vedr. Vrengen Bru Fv.450. Underteikna tenkjer at dette er truleg einaste løysinga for å få alternativ 2, fordi Telemark Fylkeskommune vil ekspropriere grunneigarar som seier NEI.

Dersom Alternativ 1 blir gjennomført, vil grunneigar av Refelbrek få så mange ulemper at garden er verdilaus. Grunneigar og underteikna synest dette er meiningslaust og vil sette høg erstatningssum på garden etter å ha lagt ned store verdiar gjennom åra. Kulturminnegarden Reffelbrek blir verdilaus for komande generasjonar og den norske kulturarven til garden er øydelagt.

Vyrdsamt

Kjell Olav Tveito

Grunneigar Refelbrek 29/1

Vedlegg:

Vedlegg1: Gammel plan ved Vrengen bru frå Vegvesenet ved Peder Berdalen frå 24 november 1983 Godkjent etterpå av vegsjefen

Vedlegg2: Sak 47 Tokke kommunestyre 19 juni 2019 om løyving av 2 MNOK til Vrengen bru


Vedlegg3: Vrengen bru framlegg til ny alternativ trase alternativ 2a per 8 april 2025

Vedlegg4: Kostnadsoverslag Fv 45 Vrengen bru april 2019 ved Statens Vegvesen

Vedlegg 5: epost korrespondanse mellom Tokke Kommune og hovudutval samferdsel Telemark Fylkeskommune

Vedlegg 6: epost 04.06.26 av Helene Noraberg, Plan- og prosjekteringsleiar Vegutbygging.

Vedlegg 7: vedtak Tokke Kommunestyre 16.06.2026


FARGESKALA
KJØREBANE
AVKJ./SAMLEVEG
SKULDER/MALT ØY
GANG/SYKKEL-BANE
FYLLING/GRØNTFELT
SKJÆRINGER
G.NR./B.NR.
TEGNFORKLARING
BRU/MUR
DRENERING SANERES
PLANENS BEGR
BYGGELINJER
EIENDOMS GR.
KABLER
STATENS VEGVESEN TELEMARK FYLKE
RV 45/01 OFTE-AUST-AGDER GR.
UTB.i EIDSBORG.
godkj. v.d./vegsjef
plansjef
beskrivelse
dato
sign.
skriv_av:
org.-kart konstr
ark.nr.
ark.sted
19... av ....
R=∞ R=250
R=250 R=∞
R=∞ R=140
R=140 R=∞
R=∞ R=140
R=140 R=∞
R=∞ R=200
R=200 R=1000
14000
13900
13800
13700
13600
13500
13400
13300
TORJUS LOFTHUS
NILS RUI
29/7 GJERMUND KLEPPO
HAUGAN 29/8 TORJUS LOFTHUS
29/1
REFLEBREKK 29/1 JÖRUND TVEITO
Vannledning
Gjerde
Utsedal
Refleberk
Eidsborg
RV 45
X 20090
X 16240
X 16250

Tokke kommune

Arkiv:	
Saksnr.:	2019/1296-1
Saksbeh.:	Gunhild Austjord
Direkte tlf.:	35075241
Dato:	29.05.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	19/37	05.06.2019
Kommunestyret	19/47	19.06.2019

Omlegging av Fv 45 ved Vrengen bru, Eidsborg - kommunal delfinansiering

Vedlegg:
1 Ny vegline - Vrengen bru

Saksutgreiing:


Vrengen bru/ Reflebrekk i Eidsborg, er ein flaskehals langs Fv45 som har vore høgt prioritert som samferdselstiltak i fleire tiår. Strekningen er svært trafikkfarleg og fører til dårleg framkommelegheit slik den er i dag; det er smalt og kronglete . Ei oppretting med omlegging av vegen har vore på trappene fleire gonger, men aldri blitt ein realitet.

I Areal- og transportplan (ATP) sitt handlingsprogram for 2019 – 2022, ligg det inne investeringsmidlar på oppgradering av bruer med ein samlepott på kr 25 mill, der Vrengen bru på Fv 45 er nemnt særskilt. Statens vegvesen har siste halvåret jobbe med å sjå på ei løysing med omlegging av vegen i staden for oppgradering av brua, då dette vil vere ei meir langsiktig og langt betre løysing i høve til framkomelegheit og tryggleik. Vegvesenet er i dialog med grunneigar i området for å finne løysingar i høve til grunnerverv, tilkomst til eigedom m.m. Vidare har dei hatt møte Fylkeskommunen som vegeigar og kulturminnemynde m.m., og med Fylkesmannen i Telemark i høve til avklaringar kring lovverk og moglege interessekonfliktar.


Tokke kommune har hatt dialog med Statens vegevesen undervegs om prosjektet og det var møte om saka i Høydalsmo 3. april 2019. Ei vegomlegging vil normalt blir omfatta av ein reguleringsplan som avklarar forholdet til ulike interesser og med prosess for medverknad og offentleg ettersyn. I dette tilfellet meiner me det kan vere tilrådeleg å gå direkte på søknad om tiltak, utan krav til reguleringsplan:

Vegomlegginga har ved fleire høve blitt planlagt, og det ligg føre ei detaljprosjektering av veganlegget som følgjer prosessen som pågår nå, sjå vedlegg. Prosessen kring prosjektet tek opp dei aktuelle problemstillingane og vurdering av private og offentlege interesser, som normalt vil føregå gjennom ein reguleringsprosess. På grunn av tidsaspektet og ynskje om ei snarleg realisering innanfor prioriterte midlar i handlingsprogrammet, rår med difor til at det blir jobba vidare med å vurdere unnatak frå kravet til reguleringsplan.

Ny veg som følgje av omlegginga er på 300-400 meter og kostnadsrekna til 9,6 mill. Prisen er rekna ut frå ei einingspris på 22 000,-/ meter.



Figur 1 Oversiktsbilete - stipla omlegging Fv45



Figur 2 - Gamal vegteikning – Reflebrekk (Peder Berdalen)

Vurdering:
Omlegging av fv45 ved Vrengen bru i Eidsborg har vore eit høgt prioritert samferdselstiltak frå Tokke kommune si side gjennom fleire ti-år. Når det kan bli ei realisering av prosjektet, meiner rådmannen det er viktig å medverke til dette gjennom ei delfinansiering frå kommunen. Me meiner dette kan vere avgjerande for at tiltaket nå blir gjennomført.

Tokke kommune mottek årleg omlag 7,5 (2018) millionar årleg i konsesjonsavgiftsmidlar frå vasskraftregulantar. Dette skal etter lovverket nyttast til næringsformål (rundskriv H 1/11), noko store delar av midlane gjer i Tokke: Stillingar innan næringsetaten samt næringstiltak med årleg budsjett på omlag 1,6 mill, er

finansiert av konsesjonsavgiftene. Kommunal eigendel til utbygging av breiband, er også ein del av satsinga med bakgrunn i kraftinntektene. Rådmannen meiner at infrastrukturtiltak som det på Fv 45 ved Vrengen bru, har så stor samfunnsnytte og næringsmessig verdi for Tokke og Suleskardsvegen, at kommunen bør stille med eigendel for å sikre at tiltaket nå blir gjennomført.

I kommuneplanen sin arealdel ligg det aktuelle området som landbruks-, natur og friluftsområde med marker verdifullt kulturlandskap. Tokke kommune jobbar vidare med saka knytt til mogleg dispensasjon frå krav til reguleringsplan for omlegging av 300 – 400 meter fylkesveg.

Rådmannen si tilråding:

1. Tokke kommune løyver kr 2 millionar til Statens vegvesen si investering i mogleg omlegging av Fv45 ved Vrengen bru – Reflebrekk. Tiltaket har vore høgt prioritert for kommunen i fleire ti-år og samfunnsnytten ved ei omlegging kontra oppgradering av Vrengen bru er stor.

2. Løyvinga blir finansiert frå disposisjonsfond.

3. Vilkår for løyvinga er at Tokke kommune ikkje overtek veganlegg som går ut av fylkeskommunal/ statleg eige som følgje av omlegginga, eller får andre driftsmessige utlegg her i framtida.

4. Tokke kommune jobbar vidare med sak om mogleg dispensasjon frå krav til reguleringsplan for tiltaket.

Saksprotokoll i Formannskapet - 05.06.2019

Framlegg frå Kjell Magne Grave, Tokke AP; Stryke punkt 4 i rådmannen si tilråding.

Det vert fyrst røysta over punkt 1, 2 og 3 i rådmannen si tilråding.
Samrøystes vedteke.

Det var så røysta over framlegg frå Kjell Magne Grave, Tokke AP.
Framlegg frå Kjell Magne Grave vert vedteken 6-1.


Vedtak

1. Tokke kommune løyver kr 2 millionar til Statens vegvesen si investering i mogleg omlegging av Fv45 ved Vrengen bru – Reflebrekk. Tiltaket har vore høgt prioritert for kommunen i fleire ti-år og samfunnsnytten ved ei omlegging kontra oppgradering av Vrengen bru er stor.

2. Løyvinga blir finansiert frå disposisjonsfond.

3. Vilkår for løyvinga er at Tokke kommune ikkje overtek veganlegg som går ut av fylkeskommunal/ statleg eige som følgje av omlegginga, eller får andre driftsmessige utlegg her i framtida.

Tokke kommune



Fv 45 Vrengen bru

03.04.2019

	Prosjekt	Byggeår	Mengde	Budsjett	Byggherreoverslag	Tilbud	Som bygget
Hovedpresess 1			1		kr 352 500,00	kr -	
Hovedprosess 2			1		kr 3 461 250,00	kr -	
Hovedprosess 4			1		kr 399 000,00	kr -	
Hovedprosess 5			1		kr 1 392 000,00	kr -	
Hovedprosess 6			1		kr 932 000,00	kr -	
Hovedprosess 7			1		kr 39 000,00	kr -	
Hovedprosess 8			1				
Timepriser			1		kr 1 000 000,00	kr -	
Byggherreoverslag					kr 7 575 750,00	kr -	kr -
MVA 25%			1		kr 1 893 937,50	kr -	kr -
Byggherreoverslag inkl.mva					kr 9 469 687,50	kr -	kr -
Byggherrekostnad, kontraktsoppfølging, planlegging			1		kr 500 000,00	kr 300 000,00	
Byggherrekostnad Eigedom, oppmåling			1		kr 500 000,00	kr 50 000,00	
Usikkerhet 5%			1		kr 473 484,38	kr -	
Sum Byggherreoverslag innkl. MVA og BH kostnad					kr 10 943 171,88	kr 350 000,00	kr -
Sum budsjett				**kr -**			
Sum budsjett minus byggherreoverslag					kr -10 943 171,88	kr -350 000,00	kr -

Vedlegg 5: epost korrespondanse mellom Tokke Kommune og hovudutval samferdsel Telemark Fylkeskommune

Vrengen bru langs fv. 450 i Tokke kommune - synspunkt frå Tokke kommune før møtet fredag 21. januar

Fra: Jarand Felland
Sendt: mandag 17. januar 2022 12:08
Til: 'Arve Høiberg' <arve.hoiberg@vtfk.no>; 'Svein Andres Tovslid' <svein.andres.tovslid@vtfk.no>; 'ole.martin.haukland@vtfk.no' <ole.martin.haukland@vtfk.no>; 'sondre.steinsholt@vtfk.no' <sondre.steinsholt@vtfk.no>; 'rune.gunnerod@vtfk.no' <rune.gunnerod@vtfk.no>; Postmottak Tokke <postmottak@tokke.kommune.no>
Kopi: Benedikte Nes <benedikte.nes@tokke.kommune.no>; Finn Arne Askje <finn.arne.askje@tokke.kommune.no>; Gunhild Austjord <gunhild.austjord@tokke.kommune.no>
Emne: Vrengen bru langs fv. 450 i Tokke kommune - synspunkt frå Tokke kommune før møtet fredag 21. januar

Hei,

1. Innleiing

Fyrst vil vi i Tokke kommune seie at vi er godt nøgd med fylkeskommunen sitt politiske og administrative arbeid med vegsaker.

Vi opplever ein offensiv fylkeskommune. Døme på dette er tydelegare prioritering av trafikktryggleik som skredsikring, prioritere godt berelag framfor berre kortsiktig asfaltering og at ein bryter opp vedlikehaldskontraktene i mindre entrepriser. Sistnemnde inneber meir organisering for fylkeskommunen, men ein enklare kvardag for entreprenørane som igjen fører til lågare kostnad for fylkeskommunen.

Vi opplever også at fylkeskommunen har prioritert øvre Telemark. Det er positivt.

Vi viser til dykkar oppdaterte planar om Vrengen bru i Tokke. Administrasjonen i fylkeskommunen vil tilrå at dagens trase, alternativ 1, blir utbetra til ein kostnad på ca. 20 MNOK inkl mva. Alternativ 2 vil går i ny trase aust for dagens veg og er kostnadsrekna til 34 MNOK inkl mva., sjå vedlegg 6 og 7 i eposten.

I Tokke kommune er vi kritiske til konklusjonen og kostnadsvurderinga til fylkeskommunen. Nedanfor gjer vi argumentere for kvifor vi meiner at politikarane i fylkeskommune bør velje alternativ 2 når saka skal opp til handsaming.

2. Tidlegare planer frå vegvesenet

1983

Denne saka har ein lang forhistorie. Vedlegg 1 er plan frå Statens vegvesen frå november 1983. Planen er utarbeidd av Peder Berdalen (PB). Den er lik som fylkeskommunen sitt alternativ 2. Men total vegstrekning som blir foreslått opparbeidd er ca. 800 meter, om lag 400 meter lenger enn fylkeskommunen sitt framlegg til alternativ 2. Framlegget er å utvide vegen noko i retning Dalen. Det kan gjerast ved bruk av massene som blir sprengt ut i fjellskjeringa aust for garden Reflebrekk.

2019

Vedlegg 3, 4 og 5 er knytt til arbeidet gjort av Vegvesenet i 2018 og 2019 for fylkeskommunen. Det fyrste vedlegget er skissa for ny veg. Så er det eit notat med fordelar og ulemper. Det blir konkludert med alternativ 2 som beste alternativ. Tilslutt er det kostnadsoverslag på ca. 11 MNOK inkludert mva.

3. Tokke kommune sitt synspunkt

Vedlegg 2 er saksutskrift for sak om Vrengen bru som blei handsama i Tokke kommunestyre 19. juni 2019. Tokke kommunestyre slutta seg samrøystes til framlegget frå formannskapet der kommunen går for alternativ 2. Det skjedde ei dødsulykke ved Vrengen bru i 1987. Nesten kvart år skjer det utforkøyringar ved garden Reflebrekk. Her er vegen smal og det er bratte kanter. Bilar sklir difor gjerne ned i tunet på Reflebrekk. Gardbrukarar i Eidsborg har mange gonger vore ute med traktoren for å taue opp køyretøy som har køyrt utanfor vegen.

Det er no gått ca. 40 års sidan ny veg blei godkjent av fylkesvegsjefen i Telemark. I Tokke kommune er vi difor ganske utolmodige. Sidan alternativ 2 er dyrare enn alternativ 1, løyva Tokke kommunestyre 2 MNOK til fylkeskommunen for å bygge alternativ 2. Eksisterande fylkesveg vil bli overført som privat veg til dei som treng tilkomst til sine eigedomar.

Hovudårsakene til at alternativ to er best er etter vår vurdering:

1. Trafikktryggleiken og mobiliteten på denne strekninga blir fullt ut oppgradert, på eit parti som i dag er langt under den standaren som ein kan forvente i dag. Ein får fjerna 3 skarpe svingar på fylkesvegen og erstatta det med ein slak kurve. Dette er hovudvegen for

folk i Tokke frå Dalen til Høydalsmo, frå kommunesenteret og til E134. Det er vidare hovudvegen for folk i ambulanse til sjukehuset på Notodden eller Skien, og det er del av Suleskardsvegen til Vestlandet sommarstid.

Ein får også redusert talet på påkøyringsvegar, som skapar trafikkfare, ved å nytte alternativ 2.

2. Garden Reflebrekk kan igjen bli ein attraktiv eigedom og kulturminne. I dag ligg vegen berre nokre meter unna tunet med alternativ 1.

3. Grunneigar Kjell Olav Tveito er særs positiv til alternativ 2. Grunneigar vil sterkt setje seg imot alternativ 1. Her vil Fylkeskommunen måtte gjennom ei langdryg oreigningsprosess som sikkert vil gå til lagmannsretten.

4. Synspunkt til Konseptfaserapporten frå oktober 2021

I rapporten frå konseptfasevurderinga er det gjeve karakter på innanfor 10 område. Alternativ 1 får 62 poeng, medan alternativ 2 får 55 poeng. Vi veit at det er ulik vekting av faktorane, men skilnaden mellom alternativene er ikkje så stor.

4.1 Trafikktryggleik og fremkommelighet

Sjølv med utbetring i samsvar med alternativ 1 vil vegen ikkje vere i samsvar med dagens vegnormalar. Når det gjeld framkommeligheit vil det framleis vere ein bratt bakke etter ein relativ skarp sving frå Vrengen bru og i retning Høydalsmo. Ved alternativ ein vil det ikkje vere noko slik sving i foten av bakken. Kan det vere at alternativ 1 har fått for høg poengsum? Dagens framkommeligheit har fått 3 poeng, jf. alternativ 0. Den har dårleg standard fordi vegen er så smal og med bratt kant mot vest, og burde kanskje fått ein lågare karakter enn 3?

4.2 Kulturmiljø/Landskapsbilete/Naturmiljø

Omsynet til Eidsborg stavkyrkje er viktig for oss i Tokke. Det blir reist spørsmål om fjellskjeringa ved alternativ 2 vil vera synleg frå stavkyrkja. Det går fram av rapporten at den vil vera mindre synleg når ein tek omsyn til vegetasjonen på Kyrkjedalsnuten. Vår vurdering er at ei fjellskjering ikkje vil vera synleg, fordi vegetasjonen på Kyrkjedalsnuten vil skygge for fjellskjeringa.

Sidan maksimal kotehøgde på kullen ved den austlege fjellskjeringa berre er 2 meter høgare enn kanten på fjellskjering, vil det vere mogleg å lage ei slak fjellskjering. Når prosjektet er ferdig kan ein legge på noko jord på fjellet, evt. med netting oppå. Deretter vil skjeringa bli grasdekt. Då vil den ikkje vera synleg eller skjemmande. Den vestlege fjellskjeringa vil ikkje vera synleg uansett.

Eit alternativ kan også vere å senke heile fjellknausen aust for fjellskeringa. Denne har ein kotehøgde på ca 525. Ein kunne senka denne knausen til kote 522. Ettersom maksimal høgde på vegbanen gjennom fjellskjeringa er 516 meter, Teiknehefte side 4, er differansen berre 6 meter. Det kan lett lagast ein skråbakke aust for vegen når høgdeskilnaden berre er 6 meter.

Ved alternativ 1 vil det også bli ei fjellskjering. På side 38 står det at denne vil vere maksimalt 3 meter høg. Dersom ein ser på Teikningsheftet side 5 snittprofil 230, kan det sjå ut som skjeringa vil vere om lag 5 meter. Det er ikkje så lett å lage denne slakere, fordi fjellknausen aust for fjellskjeringa er bratt og går opp mot kote 527. Denne fjellskjeringa vil bli over 100 meter lang. Vi vil difor meine at karaktergjeving i punkt 9.2 under Landskapsbilete/Naturmiljø/Kulturmiljø ikkje har teke omsyn til denne lange fjellskjeringa. Når det gjeld kulturmiljø vil alternativ 1 framleis øydelegg garden Reflebrekk som attraktiv buplass. Alternativ 2 vil i praksis føre vegen godt unna tunet slik at Reflebrekk igjen kan bli ein kjekt garsbruk å bu på. Det kan nemnast at i alternativ 2 som Statens Vegvesen lagde i 2019 blei det lagt til grunn at smia ved Reflebrekk kunne stå. I konseptstudien frå 2021 er denne forutsett flytt.

Karakter 3 for kulturmiljø reflekterer ikkje denne positive verknaden av alternativ 2.

Oppsummert meiner vi at alternativ 1 bør få lågare karakter for Kulturmiljø/Landskapsbiletet og Naturmiljø, medan alternativ 2 bør få høgare karakter.

4.3 CO2

Det er viktig å kutte CO2 utslepp. I rapporten er det rekna med eit totalt utslepp av co2 ekvivalenter for alternativ 1 er ca. 1300 tonn medan det for alternativ 2 er ca. 4700 tonn. For alternativ 2 utgjer skog om lag 2400 tonn, medan myr utgjer ca 1600 tonn sjå side 40. CO2-utsleppa er også vist til i konklusjonen punkt 9.3 side 45.

I denne saka vil det skje ei permanent omdisponering av ca. 4 dekar til alt 1 og om lag 8,7 dekar for alternativ 2. Det er snaut 5 dekar ekstra for ein trase som tek godt omsyn trafikktryggleik, noko som er relativt lite for eit vegprosjekt. Det er også verdt å merke seg at CO2 innhaldet av myr er mykje lågare enn skog. Det er såleis ikkje mykje myr som går tapt, kanskje inntil 1 dekar.

4.4 Totalkostnad

Tokke kommune viser til Staten Vegvesen sitt kostnadsoverslag for alternativ 2 som i april 2019 var på ca. 11 MNOK inkludert mva tilsvarande ca. kr 25 500 per meter. Det er med

undring vi ser at ny forventa kostnad er 34 MNOK inkl. mva. Vegen er rekna til å vere 430 meter og det gjev ein kostnad på 79 000 kroner per meter. Statens Vegvesen rekna at bygging av ny E-134 mellom Høydalsmo kyrkje og bensinstasjonen kosta rundt kr 28 000 per meter. Denne vegparsellen ved Vrengen bru vil såleis bli over dobbelt så dyr som bygging av europaveg med mykje sprenging.

Når det gjeld kostnad, bør Fylkeskommunen også legge inn bidraget på 2 MNOK frå Tokke kommune til alternativ 2.

4.5 Bru eller røyr

Ein vesentleg del av kostandene til alternativ 1 og 2 er bygging av bru.

Spørsmålet er om ein heller kan legge fleire store røyr. Kan fylkeskommunen til dømes vurdere to til fire parallelle røyr i staden for bru ved kryssing av Eidsborgbekken. Nedbørsfeltet for Eidsborgbekken er avgrensa her og i tillegg renn bekken roleg her.

Ved å legge røyr, slepp ein kanskje så mykje fundamenteringsarbeid. Det kan kanskje vere positivt for vassdragsmiljøet? Dersom bru er best for vassdragsmiljøet vil det vere fornuftig, sjølv om det vil koste meir.

5. Avslutning

Vi ser fram til det planlagte Teamsmøtet fredag 21. januar frå kl 09-11. Vi set stor pris på at Fylkeskommune har kalla inn til eit slikt møte.

Frå Tokke kommune vil kommunalsjef Gunhild Austjord og eg møte.

Vennleg helsing

Jarand Felland

Ordførar, Tokke kommune

Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen
(+47 350 75 329
(+47 975 91 778
* jarand.felland@tokke.kommune.no
: www.tokke.kommune.no

-

Fra: Jarand Felland
Sendt: mandag 24. januar 2022 13:27
Til: 'Arve Høiberg' <arve.hoiberg@vtfk.no>; 'Svein Andres Tovslid' <svein.andres.tovslid@vtfk.no>; 'ole.martin.haukland@vtfk.no' <ole.martin.haukland@vtfk.no>; 'sondre.steinsholt@vtfk.no' <sondre.steinsholt@vtfk.no>; 'rune.gunnerod@vtfk.no' <rune.gunnerod@vtfk.no>
Kopi: Benedikte Nes <benedikte.nes@tokke.kommune.no>; Finn Arne Askje <finn.arne.askje@tokke.kommune.no>; Gunhild Austjord <gunhild.austjord@tokke.kommune.no>
Emne: SV: Vrengen bru langs fv. 450 i Tokke kommune - synspunkt frå Tokke kommune før møtet fredag 21. januar

Hei igjen,

Vi takker igjen for godt møte.

I dag har varaordførar Benedikte Nes teke kontakt og bede om at vi handsamer saka på ny i Tokke, sidan førre handsaming i juni 2019.

Vi vil difor gjere det, ettersom det er eit nytt kommunestyre frå hausten 2019 og det også har kome fram meir ny informasjon frå fylkeskommunen.

Vi tek sikte på handsaming i formannskapet onsdag 16. februar. Trulegvis kan saka avsluttast der, men dersom saka må opp i kommunestyret, vil det skje tysdag 8. mars.

Vi håper ikkje at dette vil forsinke prosessen dykkar.

Vennleg helsing

Jarand Felland

Ordførar, Tokke kommune

Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

(+47 350 75 329

(+47 975 91 778

* jarand.felland@tokke.kommune.no

: www.tokke.kommune.no

-

Fra: Jarand Felland
Sendt: torsdag 3. februar 2022 11:41
Til: Arve Høiberg <arve.hoiberg@vtfk.no>; Svein Andres Tovslid <svein.andres.tovslid@vtfk.no>; ole.martin.haukland@vtfk.no; sondre.steinsholt@vtfk.no; rune.gunnerod@vtfk.no
Kopi: Benedikte Nes <benedikte.nes@tokke.kommune.no>; Finn Arne Askje <finn.arne.askje@tokke.kommune.no>; Gunhild Austjord <gunhild.austjord@tokke.kommune.no>
Emne: SV: Vrengen bru langs fv. 450 i Tokke kommune - synspunkt frå Tokke kommune før møtet fredag 21. januar

Hei igjen,

I Tokke har formannskapet dei siste vekene hatt ein god gjennomgang av fylkeskommunen sin rapport frå oktober 2021.

Konklusjonen politisk i Tokke er at det er eit stort fleirtal for å støtte vedtaket som blei gjort samrøystes i 2019. I vedtaket sette kommunen av 2 MNOK i støtte til prosjektet dersom fylkeskommunen vil bygge ut alternativ 2. Denne lovnaden står ved lag.

Fylkeskommunen kan difor legge lokal støtte til alternativ 2 for si sakshandsaming. Saka vil difor ikkje bli teke opp til ytterlegare politisk handsaming i Tokke kommune.

Det er også støtte til dei synspunkta som ordførar i Tokke sette fram i epost frå 17. januar og i møte 21. januar 2022.

Til slutt ein liten detalj:

I møtet med fylkeskommunen 21.1.2022 blei det oppgjeve at høg vasstand ved Vrengen bru kan vere eit problem for bustadhuset på Brynesteinvegen 7. Dagens bru bør difor rivast, sjølv om alternativ 2 blir vald. Eg har vore i kontakt med grunneigar Steinar Mandt som eig gnr. 35, bnr. 18. Mandt ynskjer at vegen skal byggast etter alternativ 2. Mandt opplyste at det ikkje er noko problem for hans byggverk med høgare vasstand som fylgje av Vrengen bru. Dersom fylkeskommunen kan legge dette til grunn, kan kostnaden med fjerning av dagens Vrengen bru takast bort som kostnad for alternativ 2."

Vi ser fram til god samarbeid.

Vennleg helsing

Jarand Felland

Ordførar, Tokke kommune

Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

(+47 350 75 329

(+47 975 91 778

* jarand.felland@tokke.kommune.no

: www.tokke.kommune.no

-

Frå: Jarand Felland
Sendt: torsdag 10. februar 2022 19:41
Til: 'Jan Thorsen' <jan.thorsen@vtfk.no>; 'olsnesbj' <olsnesbj@online.no>; Anne-Nora Oma Dahle <anne-nora.dahle@nissedal.kommune.no>
Emne: VS: Vrengen bru langs fv. 450 i Tokke kommune - synspunkt frå Tokke kommune før møtet fredag 21. januar

Hei,

Forstår at hovudutval for samferdsel skal avgjere traseval for sak i Eidsborg i Tokke. Truleg vil saka kome på møtet i mars eller april.

Nedanfor ser de litt av Tokke kommune sin korrespondanse med fylkeskommunen.

Tokke kommune støtter alternativ 2. Det er dette alternativet som har vore planlagt sidan 1983. Då var det ferdige planteikningar.

Tokke kommune har også tidlegare løyva 2 MNOK i kommunal støtte til dette prosjektet.

Ring meg gjerne dersom noko er uklårt.

Vennleg helsing

Jarand Felland

Ordførar, Tokke kommune

Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

(+47 350 75 329

(+47 975 91 778

* jarand.felland@tokke.kommune.no

: www.tokke.kommune.no

-

Jarand Felland<jarand.felland@tokke.kommune.no>

Hei igjen,

Her er epostar med mykje informasjon.

Beste helsing

Jarand

Vedlegg6: epost 04.06.26 av Helene Noraberg, Plan- og prosjekteringsleiar Vegutbygging.

Fv. 450 Vrengen bru - dokument til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplanforslag.

Helene Noraberg<helene.noraberg@telemarkfylke.no>

Tveito, Tone Jorunn;Hegeskatt@hotmail.com

Advarsel: Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

Hei.

Viser til samtale og oversender dokumenta som er lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Eventuelle innspel til planen kan sendast skriftleg innan 29.06.2026, merka med

«Innspel til reguleringsplan for fv. 450 Vrengen bru, sak 25/10713» til:

- Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien, eller på e-post til: post@telemarkfylke.no.

- Kopi skal sendast til Tokke kommune, Storvegen 60, 3880 Dalen, eller ved e-post til postmottak@tokke.kommmune.no

Innspel kan også gjevast interaktivt via verktøyet «Innbyggjardialog i 3D». Linken til verktøyet ligg på nettsida til Telemark fylkeskommune, https://telemarkfylke.no/vrengen

Venleg helsing

Helene Noraberg
Plan- og prosjekteringsleiar
Vegutbygging

Mobil: +47 99 21 32 74

Telemark fylkeskommune
www.telemarkfylke.no

- Fv. 450 Vrengen bru_Plankart
- Fv. 450 Vrengen bru-Planomtale
- Fv. 450 Vrengen bru-Reguleringsføresegner
- Fv. 450 Vrengen bru-Tegningshefte_tekniske tegninger
- FV450_Brev_utlegging av reguleringsplan til høyring og offentleg ettersyn
- Vedlegg 01_Fv 450 Vrengen bru_Vurdering av krav KU
- Vedlegg 02_Fv.450 Vrengen bru_Merknadsbeh_varsel om oppstart_m vedlegg
- Vedlegg 03_Fv. 450 Vrengen bru_Geoteknisk prosjekteringsnotat
- Vedlegg 04_Fv.450 Vrengen bru_Flom_og_vannlinjeberegninger_m_vedlegg
- Vedlegg 05_Fv 450 Vrengen bru_Flom- og vannlinjebergn_vurdering av forutsetn
- Vedlegg 06_Fv.450 Vrengen bru_Kartlegging naturverdiar
- Vedlegg 07_Søknad og disp. frå forskrift fredn av trua artar_systermarihand
- Vedlegg 08_FV.450 Vrengen bru_rapport_Kulturarv
- Vedlegg 09_Fv.450 Vrengen bru_Støyrapport
- Vedlegg 10_Fv. 450 Vrengen bru_ROS-analyse
- Vedlegg 11_Fv. 450 Vrengen bru_notat_ingeniørgeologiske vurderinger

Vedlegg 7: vedtak Tokke Kommunestyre 16.06.2026

Viser til sak i kommunestyret den 16.06.2026 der 18 mot 3 stemmer valgte alternativ 2, same vedtak som kommunestyret samrøystes vedtok i 2019.

Vedtak:

Sverre Bakke (Senterpartiet) sitt forslag vart sett opp mot **Tilråding frå formannskap**

Framlegg i sak 44/26 Tokke kommunestyre frå Sverre Bakke Sp

Tokke kommunestyre vil ikkje tilrå bygging av Vrengen bru slik som utkastet til plan ligg føre.

Ein grunngjev det med store miljømessig konsekvensar i eit viktig kulturlandskap som Eidsborg er og at dette er til stor ulempe for garden Reflebrekk.

Tokke kommunestyre vil tilrå den gamle planen som går bak haugen på garden Reflebrekk og at ein bygger kulvert i staden for bru.

Ein grunngjev dette med at :

1. Det er miljømessig rett å bygge bak haugen, då skjæringane her ikkje blir synleg i kulturlandskapet i Eidsborg.
2. Veglengda på dei to traseane er om lag lik.
3. Vi trur det er billigare å bygge over myra med kulvert enn ei ny bru. Ein kan bruke dei massene ein får, til å fylle seg over bekken.

Vedlegg 16

29.06.2026

Telemark Fylkeskommune
Torggata 18
3717 skien

Innspel til reguleringsplan for Fv 450 Vrengen bru, sak 25/10713

Reguleringsplanen er ei oppfylgjing av vedtak om endring i traseval i sak 13/25 den 9.4.2025.

Der valde politikarane i Samferdselsutvalet diverre den dårlegaste løysinga. Konsekvensen er at dei vil behalde 3 svingar og ei stygg avkøyring til Kleppo, halde fram med å øydelegge gardstunet på den gamle fine garden Reffelbrekk og hindre god trafikkavvikling i heile byggeperioden. Ved å legge vegen rett fram over myra så hadde dei sluppe alt dette. Her er så lite vatn at bru er unødvendig (nedbørfelt på ca 5 km2). Ved å bruke store betongrør (som på E134 Grytstøylen) istaden for bru, ville kostnadsestimatet blitt lågare og argumentet for å vrake ny trase ville blitt svekka. Saksunderlaget frå 2025 synest eg ber preg av at dei har bestemt seg for at myra trumfar alt og tilpassar argumenta til det. Det er tragikomisk at å hindre litt frigjeving av den livgjevande gassen CO2 skal stoppe den logiske og mest trafikksikre løysinga. Ei løysing som også ville unngått problematikk i høve til kulturvern og biologisk mangfald (raudlista arter). **Eg vil oppfordre Samferdselsutvalet til å revurdere sitt vedtak frå 2025.**

Når det gjeld den utlagde reguleringsplanen så har den mange interessante rapportar, der hovudinntrykket er at det forkasta alternativet over myra ville gjeve færrast negative konsekvensar.

Støyrapporten frå Sweco ynskjer eg å kommentere særskildt:

Dei har gjort ei teoretisk beregning med utgangspunkt i fleire føresetnader. Eg stiller spørsmål med i alle fall to av dei:

1. "Uendra hastighet". Eg vil vel meine at ein utbetra og breiare veg vil utløyse høgare faktisk hastighet forbi Reflebrekk enn i dag og dermed høgare støy.
2. "Myk markoverflate overalt utenfanfor veg". I dag er det rett, men etter utbygging vil det bli ein tilnærma loddrett knallhard fjellvegg på 3-6 meters høgde over ein strekning på 100 meter med direkte lydrefleksjon ned i tunet på Reflebrekk. Eg er vel rimeleg sikker på at det vil auke lydnivået ved våningshuset monaleg.

Utdrag frå støyrapport:

Pkt 4.2.2. siste setning

Dersom endringen i støynivå er 3 dB eller mer skal tiltaket vurderes som ett nytt veianlegg.

Pkt 5,1 Forutsetningar, Trafikkdata

Tiltaket i seg selv fører ikke til noen endring i trafikkmengde eller ***hastighet,*** *og det er derfor benyttet såme trafikktall for 2048 i referansesituasjonen og utbygd situasjon.*

Pkt 5.2 Forutsetningar, marktype

Beregningshøyde er 1,5 m over terreng og det er ***forutsatt akustisk absorberende (myk) mark overalt*** *utenom veier som er regnet som reflekterende.*

Eg stiller difor eit kritisk spørsmål til om dei valde føresetnadene for berekningane og konklusjon er korrekte? **Eg meiner svaret er nei og at det må få konsekvens for det vidare arbeidet med prosjektet.** SWECO skriv at «*Dersom økningen i støynivå er på 3 dB eller mer, skal tiltaket behandles som ett nytt anlegg*». Sidan støyvurderinga, etter mitt skjønn, legg til grunn urealistiske/feilaktige føresetnader så kan ein ikkje konkludere sikkert med at auken i støynivået er mindre enn 3 dB.

Mvh

Ketil Kvaale

Eidsborgvegen 1273

3891 Høydalsmo

97141311